

Årsrapport 2011

BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



Innhold

1.1 BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME	1
1.2 TILSTANDSVURDERING UT FRÅ STRATEGIAR	3
Kyrkjeleg statistikk	3
Gudstenester	3
Kyrkjelege handlingar	4
Inn og utmeldingar	4
Medlemskap og folketalsutvikling	4
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet	6
Born og unge	6
Ungdom og kyrkjedemokrati	9
Misjon.....	10
Diakoni	10
Integrering og menneske med utviklingshemming	10
Forbruk og rettferd	12
Kultur og pilegrimsarbeid	12
2. KYRKJELEG SEKTOR – TILSTANDSVURDERING I LYS AV RESULTATMÅLA	14
2.1 Kyrkjeleg demokrati.....	14
2.2 Trusopplæring	18
2.3 Lokalt FoU-arbeid	19
PRESTETENESTA – OMTALE AV RESULTATMÅLA	19
2.4 Geistleg personale	19
2.5 Lokale tilhøve og utfordringar	22
2.6 Kompetanseutvikling	22
2.7 Likestilling	23
2.8 Arbeidsvilkår	23
2.9 Leiing og samvirke	24
3. FORVALTNING	24
3.1 Tilskotsforvaltning	24
3.2 Økonomiforvaltning	25
3.3. Miljøarbeid	26
3.4. Bispedømekontoret.....	26
3.5. Forvaltning knytt til kyrkjer og kyrkjegardar	27
3.6 Bispedømerådet.....	28
VEDLEGG	29

1.1 Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.



Bjørgvin bispedøme arbeider under denne visjonen:

Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.

Bispedømerådet har i si strategiske satsing for perioden 2011 – 2014 valt ut følgjande to hovudmål:

- ***Gudstenesta – navet i kyrkjelyden***
- ***Ungdom – vekst i trua***

I Gudstenesta – navet i kyrkjelyden

Det viktigaste vi gjer som kyrkje i Bjørgvin er å feire gudsteneste. I denne samlinga kjem kyrkjelyden til Gud og til seg sjølv. Her vert vi på ny til som Guds folk og gjev Gud den ære han skal ha. Her møter vi kvarandre og får næring til vår tru.

Det føreligg i skrivande stund berre førebels tal for gudstenester og frammøtte i 2011. Desse tala er henta inn av prostane. Dei syner ein nedgang i talet på søn- og helgedagsgudstenester på om lag 2,3 prosent, medan talet på deltakarar berre går ned med 1,5 prosent. Dermed aukar gjennomsnittleg gudstenestedeltaking i bispedømet frå 101 i 2010 til 102 i 2011.

Det auka gjennomsnittlege frammøtet er gledeleg! Samstundes er det ei utfordring å hindre at talet på gudstenester fell ytterlegare. Det er krevjande å få til når vi må spare inn ytterlegare på prestekapitlet i vårt budsjett. Som eit mottrekk vil bispedømet i 2012 freiste å mobilisere nokre pensjonistar og prestar utanom ordinær kyrkjeleg teneste til frivillig å ta på seg eit par gudstenester kvar årleg. Då treng dei eit tilfredsstillande kurstilbod i førehand. Slike kurs kan også omfatte nokre lekfolk som er eigna til ei slik oppgåve.

For andre gudstenester utanom søn- og helgedagar er nedgangen i talet på desse heile 7,3 prosent. Samstundes skjer det ein auke på 11,6 prosent i det gjennomsnittlege talet på deltakarar frå 68 i 2010 til 76 i 2011. Det er nærliggande å tolke desse tala slik at trusopplæringa fører til målretta gudstenester utanom søn- og helgedagar der ein klarar å trekkje inn nye grupper. Men ein tilsvarande effekt er vanskelegare å få til på søn- og helgedagane.

Arbeidet med gudstenestereforma er i god gjenge og gjennomgåande vert det meldt om entusiasme for prosjektet, sjølv om mykje enno ikkje er kome på plass. Det

siste gjeld særleg det kyrkjemusikalske. Dei fleste sokneråda har oppretta gudstenesteutval til å leie arbeidet fram mot ei lokalt vedteken grunnordning i kvart sokn. I regi av bispedømet har det vore gjennomført kurs for prestar, kantorar og andre tilsette. Vi ventar oss mykje godt av denne reforma, ikkje minst ved at fleire vert inkluderte både i førebuinga og i gjennomføringa av gudstenestene.

II Ungdom – vekst i trua

Svært mange viktige livsval vert tekne i åra mellom 15 og 30. Då er det avgjerande for kyrkja å vere til stades i dei unge sine liv, noko som i første omgang føreset eit godt fungerande barne- og ungdomsarbeid fram til og med konfirmasjonen. Her er vi svært glade for den drahjelpa som trusopplæringsreforma utgjør. Ved utgangen av 2011 hadde 101 av 186 sokn i Bjørgvin fått midlar til å gjennomføre denne reforma, og 6 av 13 prosti er fasa inn. Det var skuffande at det ikkje kom friske midlar til nye prosti i 2011, og vi håper at dette vert endra i 2012 slik at reforma kan gjennomførast som planlagd.

Talet på konfirmantar i Bjørgvin er høge: Om lag 3 av 4 ungdomar vart konfirmerte i vårt bispedøme i 2011. Men utfordringa er først og fremst er knytt til tida etter konfirmasjonen. Då endrar tilhøvet mellom dei unge og kyrkja seg dramatisk i negativ lei, i alle fall dersom vi berre ser på åtferda og ikkje på haldningane som jo er langt vanskelegare å kartleggje. Dette bildet er eintydig til stades både i byen og i bygda og i alle prosti, sjølv om ein nokre plassar også har eit godt fungerande arbeid blant unge over 15 år.

Kyrkja si utfordring i høve til ungdom og unge vaksne kjem til syne på fleire vis, mellom anna dersom ein ser på tala for høvesvis dåp og konfirmasjon i åra frå 2006 til 2010 (tala for 2011 føreligg ikkje enno). Konfirmantprosenten held seg i

dette tidsrommet tilnærma uendra rundt 75 % av årskullet. Dette er eit høgt tal når ein tenkjer på at om lag halvparten av ungdomane i Bjørgvin bur i eller i nærleiken av Noregs nest største by. Meir dystert er biletet dersom ein ser på prosenten av barn som blir døypte. Den fall i same tidsrom frå 84 til 76! Dette kan tyde på at det nett no går føre seg ei sterk sekularisering blant unge familiar som kyrkja må møte offensivt.

Bjørgvin bispedømeråd vedtok i 2011 å gå inn for eit UNGDOMSÅR I 2013. Her vil det særleg bli satt fokus på tida etter konfirmasjonen. Alle sokn vil bli utfordra til å tenke gjennom sitt tilhøve til ungdommen på staden, og kva for tiltak som kan gjerast for at dei unge kan oppleve kyrkja som nærværande og relevant også i denne fasen av livet. I tillegg vil ein satse på nokre regionale profil-arrangement for å nå vidt ut blant ungdommen. Arbeidet med å førebu ungdomsåret er i gang. Bispedømet har tilsett ein eigen prosjektleiar i eitt år frå sommaren 2012. Vi arbeider for at ungdom vil vere på vårt program i alle kanalar gjennom heile 2013.

For å kunne vere meir synleg overfor ungdom har eg som biskop i 2011 nytta noko tid på sosiale media som Facebook og Twitter. Dette vil eg halde fram med.

III Andre hendingar og tiltak

22. juli

Terrorhandlinga 22. juli ramma også vårt bispedøme. I alt seks unge menneske frå Bjørgvin vart skotne på Utøya. Mange kyrkjer opna dørene for menneske som søkte eit heilagt rom og stille i dagane etter dette. Kontakten med dei pårørande og gravferdene stilte store krav til prestane og andre tilsette som vert involverte, og dei gjorde alle ein heilhjarta innsats. I ettertid har alle prestane fått tilbod om oppfølging gjennom personalpresten. Det har òg vore ei eige samling for desse. Fungerande

biskop, domprost Jan Otto Myrseth, leia samordninga av det kyrkjelege arbeidet i bispedømet i tida etter 22. juli på ein særskild god måte. Han tok mellom anna i samarbeid med domkantoren initiativ til ein minnekonsert i Domkirken 26. juli. Denne konserten fylte kyrkja og vart den viktigaste enkeltmarkeringa i Bergen. Sjølv deltok eg med appell under samlinga på Torgalmenningen på den nasjonale minnedagen 21. august.

«Kyrkjelydsutvikling i folkekyrka»

I 2011 starta bispedømet opp eit prosjekt i samarbeid med Menighetsfakultetet under namnet «Kyrkjelydsutvikling i folkekyrkja». Kyrkjelydane i Voss, Fana, Storetveit, Strusshamn og Austrheim har meldt seg på for tre år frå og med hausten 2011. Dei har alle blitt tildelt kvar sin mentor og er no i gang med ei fagleg fundert kartlegging av tilhøva lokalt. Målet er at denne kartlegginga og samtalen som den driv fram, skal hjelpe kyrkjelydane til i større grad å bli det dei er meint å bli, og gjere det dei er meint å gjere.

«Kirkelig dialogsentor Bergen»

I samarbeid med misjonsorganisasjonen Areopagos starta bispedømet opp eit dialogarbeid i 2011 under namnet «Kirkelig dialogsentor Bergen». Her er ein prest innsett i 50 % stilling. Prosjektet er retta inn mot kyrkjemedlemmer som av ulike grunnar kjenner avstand i høve til kyrkja. Det vert halde kveldsgudstenester annakvar veke i Johanneskirken under vignetten «Under åpen himmel – Kveldsgudstjeneste i bønn og stillhet». Dialogsentoret skal også freiste å få i stand interreligiøs dialog. Dette siste området er blitt endå viktigare etter dei tragiske hendingane 22. juli. Dialogpresten har vore aktiv for å opprette eit lokallag av STL (Samarbeidsrådet for tro og livssyn) i Bergen, og er leiar for interimstyret der.

Biskop Halvor Nordhaug

1.2 Tilstandsvurdering ut frå strategiar

Hovudmål

Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje, som inviterar menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrkja lokalsamfunn, målbera menneskeverdet og utfordra til solidaritet. Den norske kyrkja skal vera ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Styringsparameter

Oppslutninga om Den norske kyrkja (medlemmer, kyrkjelege handlingar mv.)

Kyrkjeleg statistikk

Dei offisielle tala frå SSB sin statistikk ligg ikkje føre før i juni, difor har vi bede prostane om å henta inn førebels tal. Desse tala er samanlikna med dei offisielle tala frå 2010, men sidan tala er samla inn på ein annan måte og ikkje er kvalitetssikra må ein ta atterhald om at dette er førebels konklusjonar.

Gudstenester

Tala tyder på ein nedgang i talet på søn- og helgedagsgudstenester (6657) på om lag 2,3 prosent, medan talet på deltakarar (847 572) berre går ned med 1,5 prosent. Dermed aukar gjennomsnittleg gudstenedeltaking i bispedømet frå 101 til 102. Når det gjeld andre gudstenester er det og ein nedgang i talet på gudstenester, heile 7,3 prosent, men ein auke på 11,6 prosent, i talet på deltakarar.

Den positive trenden som ein såg dei siste åra har halde fram, gjennomsnittsdeltaking på søn- og helgedagsgudstenester gått opp frå 100 i 2009 til 101 i 2010 og 102 i 2011, men det totale deltakartalet går ned fordi det er færre gudstenester. For andre

gudstenester er oppgangen større. Gjennomsnittstalet har auka frå 66 i 2009 til 68 i 2010 og 76 i 2011. Denne auken i deltakarar på andre gudstenester ser vi i fem av dei seks prostia som har fått trusopplæringsmidlar. Det synes som om trusopplæringa både fører til fleire målretta gudstenester og aktiviserar nye grupper til gudstenedeltaking på desse, men at det ikkje fører til tilsvarande større oppslutning om søndagsgudstenesta, berre tre av dei seks prostia hadde auke i gjennomsnittleg gudstenedeltaking på søn- og heilagdagdar.

Nattverdsøkinga viser ein oppgang. Gjennomsnittet per nattverdgdusteneste er gått opp frå 35 dei tre siste åra til 37, og talet på nattverdgdustenester (4138) går opp med 0,3 prosent etter ein nedgang i fjor og nattverddeltakarar (152 236) går opp heile 5,5 prosent. Talet på nattverddeltakarar går opp i fem av seks trusopplæringsprosti og i 10 av 13 prosti i bispedømet.

Kyrkjelege handlingar

I 2010 vart 5766 døypte i Bjørgvin (i 2009 5810) og i 2011 ligg det an til 5597, ein liten nedgang på 1,6 prosent i forhold til folketalet. Dåpsprosenten i bispedømet er gått ned frå 75,9 i 2010 til 74,7 i 2011.

I 2009 vart 6018 I 2010 vart 6042 konfirmerte i Bjørgvin og i 2011 ligg det an til 6314, ein oppgang på 4,5 prosent sidan i fjor og det er det høgast talet på konfirmantar på minst ti år. Konfirmasjonsprosenten dei siste 5 åra har halde seg relativt stabil på 76,3 i 2006 til 76,1 i 2010.

Dei førebels tala viser ein stor nedgang i talet på kyrkjelege vigslar. Etter relativt stabile tal dei siste fem åra, mellom 1200-1300, var det 1117 i 2011 mot 1214 i 2010. Dei lokale variasjonane er store og tala går opp i nokre prosti, Fana hadde fleire enn på mange år.


Inn- og utmeldingar

Talet på utmeldingar er på same nivå som året før, 729 i 2011 mot 737 i 2010. Ein har ikkje opplevd ein topp i utmeldingar som fylgje av kyrkjevalet slik som ein såg ved valet i 2009 (1297).

Når det derimot gjeld innmeldingar kan det sjå ut som auken kan ha samanheng med valet.


Talet på innmeldingar har gått kraftig opp frå 105 i 2010 til 179 i 2011. Same auke såg ein i valåret 2009 der innmeldingar auka til 202 frå 110 i 2008.

Medlemskap og folketalsutvikling



Bjørgvin er eit bispedøme med vekst i folketal, men stabilitet i medlemskap, utfordringa er at veksten er ulikt fordelt. Bjørgvin hadde pr. 01.01.2011 eit medlemstal på 490 145 og det er nesten det same som i år 2000. Det er 82,6 av folketalet, noko som er ein nedgang på 1,1 prosentpoeng sidan 2010, men nedgangen skuldast auke i folketallet meir enn reduksjon i talet på medlemmer.

Men det er ei utfordring at sjølv om gjennomsnittet er stabilt er det stor skilnad i folketalsutviklinga i Bjørgvin slik tabellen på neste side viser. Dei to øvste linjene viser folketalsutvikling og medlemskapsutvikling på Askøy, ein av omlandskommunane til Bergen, her ser ein tydeleg utviklinga i Bergensområdet.



Ytre Sogn prosti var i 2000 like stort som Os kommune i folketal, men sidan har dei hatt motsett utvikling med auke i Os og nedgang i Ytre Sogn kvart år sidan den tid. Prosten i Ytre Sogn har undersøkt tala og seier at den kraftige nedgangen i medlemstal i Ytre Sogn prosti ikkje skuldast utmelding. Nedgangen heng saman med at talet på døypte pr. år som er busette i soknet, er vesentleg mindre enn talet på døde pr. år, og at ein del personar som er medlemmer, flytter ut frå prostiet samstundes som innvandrarak, som ikkje er medlemmer av Dnk, flytter inn. Over ein periode på ca. 15 år har talet på døypte pr. år av dei som er busette i prostiet vorte halvert. Nedgangen heldt fram også i 2011, med 10 færre døypte enn i 2010.

Dette får og store konsekvensar for medlemstalet under 18 år, og dermed for midlar til trusopplæringa der summen vert rekna ut frå medlemstal under 18 år. I fylgje Statistisk sentralbyrå si framskrivning av folketalsutviklinga vil desse tendensane halda fram, med stor vekst i Bergensområdet og nedgang eller liten vekst i Sogn og Fjordane.

Ei særleg utfordring for bispedømet er og vil vera fordelinga av prestestillingar. På grunn av geografí, reisetid og talet på sokn og kyrkjer, vert ikkje arbeidsmengda for prestane redusert tilsvarande i utkantane som utfordringa veks rundt Bergen. Når ein prest har mange sokn og det er lite ressursar til andre stillingar og trusopplæring, vert presten sitt bidrag desto viktigare for å halda opp folkekyrkja.

Dei negative konsekvensane for kyrkjelivet av redusert presteteneste vil vera større i utkantane der det ikkje er lett å dra til andre kyrkjer og tilboda utanom gudstenester er få eller ingen. Difor kan ein vanskeleg overføra prestestillingane berre ut frå folketalsutvikling og endar opp med ei bemanning som gjev stort press på prestane både i vekstkommunane og i utkantkommunane.

Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Nattverdsbesøk aukar slik det har gjort dei siste åra: 40 867 mot 39 266 i 2009 og 40 355 i 2010.

Gudstenestedeltaking har gått ned til 104 283 frå 108 609 i 2010 og 114 698 i 2009.

Størst gudstenestedeltaking har Gran Canaria 11 898 , Alicante 11849 og London 7103

Møte med menneske i utoverretta aktivitet aukar til 773 962 frå 755 488 i 2010

Mest besøkte sjømannskyrkjer Gran Canaria (95 002), Alicante (41 789) og Costa del Sol (39710)

Nettkirken opplever stadig vekst med oppgang på 28% i år og 30 % i fjor. Det var 91 426 besøk i 2011 mot 71 339 i 2010

Facebooksidene til Sjømannskyrkja er ein ny og populær kanal som har auka til 39 000 vener frå 34 000 i 2010.

Born og unge

Dei yngste 0-5

I samband med trusopplæringsreforma har det i Bjørgvin særleg vore sett fokus på dåpsfasen og det å få gode relasjonar til foreldre og fadrar slik at desse vil vere med å bidra til at borna som dei døyper får eit tilbod om opplæring i den trua dei er døypte til. Alle kyrkjelydar praktiserer dåpssamtalar og/eller dåpskurs for foreldre og ev. fadrar, der det blir lagt særleg vekt

på gjensidige forventingar til trusopplæringa og presentasjon av kyrkjelyden sine tilbod om trusopplæring for barn og unge mellom 0-18 år. Tal frå kyrkjelydane som rapporterer på storstava.no (kyrkjelydar i mellomfasen og gjennomføringsfasen; har fått midlar til trusopplæring frå reforma) viser at det er 96% oppslutning på dåpskurs/dåpssamtale.

Babysong er eit lavterskel-tilbod som får stor oppslutnad og som veldig mange kyrkjelydar i Bjørgvin har sett i gang med. Mange kyrkjelydar har utvida tilbodet til aldersgruppa 0-4 med til dømes markeringar av dåpsdagar (utdeling av cd, bøker el l), utvida tilbod i samband med utdeling av 4-års bok, dåpsskule, søndagsskule etc. Alle kyrkjelydar i Bjørgvin deler ut 4-årsbok, men frammøtet varierer. Kyrkjelydar som har fått midlar rapporterer om 67 % frammøte på samlingar i samband med utdeling av 4-års bok. Dette viser at utdeling av boka og samlingar omkring denne markeringa, har blitt eit etablert og alminneleggjort tiltak i trusopplæringa som foreldre i Bjørgvin sluttar opp om.

Barnehagekonferansen 2011, som vart arrangert i samarbeid med IKO, NLA og Indremisjonsforbundet, samla over 100 deltakarar til temaet «Samarbeid – skule/barnehage og kyrkje». Kurset er lagt til den årlege planleggingsdagen første fredag i februar, og målgruppa har vore barnehageansatte og medarbeidarar i barnearbeidet i kyrkjelydar og organisasjonar i heile Bjørgvin. Sidan temaet «samarbeid med kyrkje» har samanfallande utfordringar både i barnehage og skule, vart målgruppa i år utvida til også å gjelde skulefolk. Både skuledirektør, byråd for barn og oppvekst og biskop var representerte og konferansen fekk veldig gode tilbakemeldingar både på hovudforedrag og seminar. Dessverre var det færre deltakarar enn forventa, særleg var det få skulefolk som deltok. Det viser seg at mange skular har sine egne opplegg

på planleggingsdagen og at det er vanskeleg å kome frå, sjølv om temaet er aldri så aktuelt. Konferansen har vore ein tradisjon i mange år, men trykket frå trusopplæringsreforma gjer at det blir stadig meir krevjande å stå for arrangøransvaret for konferansen for bispedømerådet sin del, sidan det meste av administreringa og koordineringsansvaret fell på rådgjevar for undervisning.

Born og unge 6-12 og 13-18

Tiltak og idear frå prosjektfasen i trusopplæringsreforma blir i aukande grad også tatt opp av kyrkjelydar som enno ikkje har fått midlar. Ein indikator på det er etablering av tiltak for 6-åringar. 79 prosent av kyrkjelydane våre hadde tiltak for denne målgruppa i 2011 (jf vår eiga undersøking «Status trusopplæring 2011» gjennomført i februar 2012.¹) Kyrkjelydane som har fått midlar rapporterer om eit deltakarsnitt på 35 % på desse tiltaka. Det er ikkje så verst med tanke på at dette er forholdsvis nye tiltak som heller ikkje har fått nasjonal dra-hjelp.

”Tårnagenthelg” vart derimot lansert hausten 2010 som eit forslag til breiddetiltak for 8-åringar. Nesten 100 av 189 kyrkjelydar i Bjørgvin var påmeldte då fristen gjekk ut (flest blant bispedøma!) og desse gjennomførte Tårnagent-arrangementet i 2011. Kyrkjelydane som får midlar frå trusopplæringsreforma melder om i snitt 37 % oppslutnad på Tårnagent-arrangementet. I følgje undersøkinga vår

¹ Undersøkinga vart gjort via Questback. 122 av 186 sokn svarte på spørsmåla. Av dei 85 sokna som ikkje har trusopplæringsmidlar, svarte 36.

arrangerte 43 % av kyrkjelydane utan midlar frå reforma Tårnagenthelg i 2011. Det viser at satsinga på trusopplæringa har smitte-effekt og stimulerer til innsats også der ein ikkje har fått ekstra ressursar til å drive med dåpsopplæring.

”Lys Våken” er ein suksess i Bjørgvin. Arrangementet samlar mange 11-åringar i meir enn halvparten av kyrkjelydane våre. Deltakarsnittet på 29 % (589 born) i kyrkjelydar som har fått tildeling, kan forklarast ut i frå at mange av desse som hadde Lys Våken arrangement har store målgrupper. I følgje vår eiga undersøking hadde 56 % av kyrkjelydane Lys Våken-arrangementet i skuleåret 2011/2012. (Ikkje alle vel 1. helga i advent for

arrangementet). Det viser ein nedgang frå året før (69 % i 2010), noko som kanskje kan forklarast ut i frå at det ikkje følgde med midlar frå Kyrkjerådet til arrangementet i 2011.

Det store engasjementet for Lys Våken og Tårnagenthelg er eksempel på at kyrkjelydane i Bjørgvin, også dei som ikkje har fått midlar frå trusopplæringsreforma, viser vilje til nytenking og innsats med omsyn til trusopplæring for born og unge. Det er oppløftande at 56 % av sokna som ikkje har fått

midlar frå trusopplæringsreforma melder at dei har starta arbeidet med ny plan for trusopplæring i kyrkjelyden.

Hausten 2011 arrangerte Bjørgvin bispedømeråd fagdag om ungdom, kommunikasjon og kristen tru i praksis med tema «Eg skammar meg ikkje over å vera ein vaksen» og «Eg skammar meg



Tårnagentar i Aurland

ikkje over å ha ein bodskap». Denne var retta mot alle som arbeider med ungdom i kyrkjelydane. Opplegget vart gjennomført både i Førde og i Bergen med god oppslutnad begge stadar. Ein tenker seg at ein i åra framover vil arrangere konfirmantforum og fagdag om ungdom annankvart år, sidan målgruppa her er samanfallande.

Når det gjeld tiltak for ungdom etter konfirmasjonsalder har kyrkjelydane litt å strekke seg etter. I underkant av 44 % av kyrkjelydane melder at dei har tiltak for denne målgruppa. Berre seks av 38 einingar som har fått midlar rapporterer om eigne tiltak for nykonfirmerte. Og desse seks einingane har eit snitt på berre 14 % oppslutnad. Bispedømerådet ser behovet for å ha ekstra fokus på denne målgruppa i åra framover. Ungdom er eige satsingsområde på strategiplanen og Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil ha eit ungdomsår i 2013.

Skule-/kyrkjesamarbeidet

Skule-/kyrkjesamarbeidet i Bjørgvin må karakteriserast som veldig bra. Dei aller fleste skulane har skulegudstenester før jul og fleire kyrkjelydar har ulike tilbod til kvart klassetrinn på skulen. Det var også lite uro omkring skulegudstenester før jul i 2011 (mindre enn normalt). Det kan tolkast som jobben som vart gjort for å klargjere fakta omkring samarbeid mellom skule og kyrkje mot slutten av 2010 (Biskop og undervisningsråd gjevar skreiv debattinnlegg/kronikk om temaet, som dei fleste lokale og regionale aviser hadde på trykk i desember 2010) og konferansen i februar 2011 om «Samarbeid – barnehage/skule og kyrkje» har hatt ein viss effekt. Kontakt med skuledirektørane i begge fylka, stadfesta felles ståstad og understreka at kyrkja står saman med skuleleiinga i synet på samarbeidet.

Trusopplæringsreforma

Ved utgangen av 2011 hadde 101 av 186 sokn i Bjørgvin fått midlar til å

gjennomføre trusopplæringsreforma og 6 av 13 prosti er innfasa.

Kyrkjelydane i Sunnhordland prosti fekk midlar frå trusopplæringsreforma i 2011 og starta gjennomføringa på vårparten.

Det er trusopplæringsutval organisert av prosten i kvart av prostia som har fått midlar. Dette har vore ei ordning som har fungert svært godt og som bispedømerådet vil følgje opp ved innfasing av kyrkjelydar i åra framover.

I løpet av mars/april vart det gjennomført årsrapportsamtalar med 38 ulike einingar. Samtalane blei som oftast utførte per telefon med leiar for trusopplæringa lokalt eller som telefonmøte der fleire i staben deltok. Årsrapportsamtalane er tidkrevjande (førebuing, gjennomføring og etterarbeid) men det er eit viktig kontaktpunkt med kyrkjelydane og likande samtalar burde ideelt sett også gjennomførast i haustsemesteret.

Med 13 prosti i bispedømet og seks av dei i gjennomføringsfasen per 2011 (Fana, Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn, Indre Sogn og Sunnhordland), er det ved inngangen til 2012 mange prosti som undrar seg når det blir deira tur. Behovet for informasjon ut til prostia er stort, og mange førebur seg no på å ta i mot friske midlar frå trusopplæringsreforma. Enkelte prosti er endåtil klare med inndeling i einingar og avtalar om fordeling av midlar i prostiet. Sju prosti vil gjerne vere neste prosti ut! Det er ei stor utfordring å motivere dei til å halde engasjementet oppe når det drar ut med tildeling. Vi håpar derfor at trusopplæringsreforma får ein betydeleg større sum med friske midlar i dei nærmaste åra slik at alle snart får "vere med".

Bjørgvin bispedøme hadde i 2011 også svært mange deltakarar på trusopplæringskonferansen på Lillestrøm i

oktober. For første gong arrangerte Bjørgvin bispedømeråd ein eigen førkonferansekveld for medarbeidarar frå Bjørgvin på Lovisenberg Gjestehus i Oslo. Denne kvelden fekk svært god tilbakemeldingar frå dei over 50 deltakarane som var med, m.a. fordi ein fekk høve til å møte andre, knyte kontaktar og dele erfaringar frå trusopplæringsarbeidet i Bjørgvin.

Som eit stimuleringsiltak i 2011 fekk også alle sokn som ikkje har fått midlar frå trusopplæringsreforma tilskot til deltaking på trusopplæringskonferansen. Dei som har fått midlar, fekk tilskot til å sende uløna medarbeidarar.

Ungdom og kyrkjedemokrati

Bjørgvin bispedøme arrangerer kvart år ungdomsting (UT) for ungdom mellom 15-30 år. Dei siste åra har dette vore prega av liten oppslutning, til tross for gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

I 2011 var difor ei av sakene på UT «Dårleg oppmøte på ungdomstinget».

Ungdomsrådet gjennomførte på grunnlag av dette ei spørjeundersøking som gjekk ut til alle

kyrkjevevjerjemenighetskonsulenter med oppmoding om at alle som arbeider med ungdom, i tillegg til kyrkjevevjerjane, burde svare.

Oppslutnaden var noko mindre enn ynskjeleg, berre 54 svarte, men den var godt geografisk differensiert. Vi fekk òg svar frå mange ulike stillingsgrupper. Det er difor ungdomsrådet si oppfatning at undersøkinga er representativ for tilsette som arbeider med ungdom. Særleg bra var det å få mange svar frå kyrkjelydar som

ikkje har sendt delegatar. Dette gjev eit godt grunnlag for å vurdere tiltak som kan betre situasjonen

Det er oppsiktsvekkjande at over 50 % svarer at dei har liten eller ingen kjennskap til kva ungdomstinget arbeider med



(svaralternativ 1 og 2), sjå figur 1.1.1. Tilsvarende svarer nesten 60 % at dei har liten eller ingen kjennskap til kva ungdomsrådet arbeider med.

Paradoksalt nok er fordelinga tilnærma motsett på spørsmålet om det er viktig at ungdom engasjerer seg i kyrkjelege spørsmål, sjå figur 1.3.3.



Heile 50 % er *heilt samde i* (svaralternativ 6) at det er viktig at ungdom engasjerer seg, og summen for svaralternativ 5 og 6 er på 78 %.

Dei tilsette vart òg bedne om å ta stilling til spørsmål kring ungdomsdemokratiet si rolle. I overkant av 75 % av dei spurte er heilt eller delvis samde i at kyrkjelydane bør sende delegatar til ungdomstinget. Heile 9 av 10 er heilt eller delvis samde i at styrking av ungdomsdemokratiet er ein naturleg del av demokratireforma i kyrkja.

Denne undersøkinga gav grunnlag for sak i bispedømerådet der vedtaket viser at ein vil styrke ungdomsdemokratiet både gjennom tettare samarbeid mellom bispedømeråd og ungdomsråd og gjennom aktiv bruk av informasjonskanalar som er tilgjengelege.

Arbeidet har ført til at ungdomstinget i 2011 har blitt flytta til sommaren, og ungdomsrådet har vore meir aktive i forhold til å vere med på arrangement og fortelje om seg sjølv. Til dømes var det med representantar som fortalde frå arbeidet i ungdomsrådet på fagdagar for ungdomsarbeidarar som vart arrangert både i Førde og Bergen.

Misjon

Ei undersøking som vart sendt alle kyrkjelydar i 2010, viser at 71 prosent av dei sokna som svarte, har misjonsavtale med ein eller fleire misjonsorganisasjonar knytt til SMM. 11 prosent har avtale med organisasjonar eller prosjekt som ikkje er knytt til SMM. Av dei sokna som ikkje svarte, tydar andre oversyn på at 62 prosent av desse hadde avtale.

På grunn av sjukdom og vakanse i stillinga som misjonsrådgjevar store delar av året, har det vore lita oppfølging av kyrkjelydane på dette området.

Diakoni

I Bjørgvin er det 30 diakon- og diakoniarbeidarstillingar i ulik prosentdel frå 100 prosent til 20 prosent. Ei kartlegging (der 119 av 186 sokn har svart) viser at om lag 70 prosent av sokna har ein godkjend diakoniplan eller har starta arbeidet med ein slik plan. (60 prosent i 2009)

Fire kyrkjelydar arbeidar for å få realisert stillingar som diakon: Meland, Haukås, Fyllingsdalen og Ytre Arna. Det er med andre ord stor vilje til å få nye diakonstillingar til Bjørgvin bispedøme.

I tillegg har bispedømet sjølv utarbeidd ein brosjyre som presenterer det omfattande diakonale arbeidet som skjer i Bergen; både i kyrkjelydande, i ulike stiftingar som til dømes Bergen bydiakoni, Kirkens Bymisjon i Bergen, Stiftinga Sesam, Stiftinga Bergen Diakonissehjem, ulike eldresentra og organisasjonar som til dømes Kirkens Sosialtjeneste, Kirkens SOS, Blå Kors og dei ulike kyrkjelege og frikyrkjelege trdomssamfunna som gjer ein diakonal skilnad i Bjørgvin.

På grunn av sjukdom og vakanse i stillinga, har funksjonen som diakonirådgjevar vore utan bemanning store delar av året, og det har difor vore lita oppfølging av kyrkjelydane på dette området. Fagsamlingar for diakonar og diakoniarbeidarar har likevel vore arrangert jamleg i samarbeid mellom bispedømekontoret og Diakonforbundet.

Integrering og menneske med utviklingshemming

I 2011 har vi så godt som avslutta runden med prostivise kurs, med tema om rett til trus- og livssynsutøving for menneske med omfattande bistandsbehov. Dette har vore ei vellukka kurssatsing, der tilsette i kommunane har møtt prestar og andre kyrkjeleg tilsette til drøftingar om trusperspektivet sin plass i den offentlege omsorga. Ein har fått i gang samtale på eit område som er nytt for mange. Det er også tilbakemeldingane frå desse kursa.

På prostikursa har det stort sett vore god deltaking frå dei kommunane vi hadde kursa i. Deltaking av kommunalt tilsette i andre kommunar i same prosti, har vore langt mindre. Det vert difor teke initiativ til fleire separate kurs av denne typen i enkeltkommunar i bispedømet.

Strengt tatt er dette eit ansvar som kommunane sjølv – med påtrykk frå fylkesmannen – burde ha sett på dagsordenen på eige initiativ. Biskopen og

rådgjevar på feltet har møtt fylkesmannen i begge fylka og drøfta desse perspektiva. Fylkesmannen har sendt ut det aktuelle rundskrivet til alle kommunane og bedt om at desse perspektiva vert implementerte i den kommunale praksisen. Her syner det seg at dei praktiske konsekvensane av rundskrivet – som til dømes eit samarbeid mellom kommunen og trus- og livssynssamfunn – i liten grad vert praktisert. Det vil difor vera eit behov for påtrykk og bevisstgjering, både frå toppen og frå grasrota, før rutinar for kartlegging og for tilrettelegging for den einskilde vert ein realitet.

Kursverksemda som er nemnd ovanfor, har som sist år ført til eit oppsving i Bli kjent i kyrkja-kursa, og aukande etterspørsel etter sorgkurset (som også er for målgruppa).



Stor stemning på orgelgalleriet. Frå Bli kjent i kyrkja-kurs i Os kyrkje. Foto: Jannike Gangstø.

Til dømes er det berre 3 til 4 år sidan vernepleiarutdanninga fekk inn i pensum litteratur om sorg, dødsfall og korleis forhalda seg til dette. Tidlegare har dette perspektivet vore fråverande i utdanninga. Det å møte døden, tvingar menneske til refleksjon over det eksistensielle. Kva som er eit kvart menneske sine åndelege behov, er ei side ved livet som må spørjast etter gjennom heile livsløpet – og ikkje berre aktualiserast i møtet med døden. Det gjeld

også menneske med intellektuelle handikap og sviktande talespråk – og ikkje minst deira hjelparar. Spørsmål om heilskapleg og åndeleg omsorg, ser heldigvis ut til å vera meir «lov» til å setja på dagsordenen no enn for berre nokre få år sidan.

Bjergvin har bidratt med to tekstgjennomgåingar i ”Forkynnarprosjektet”, som er eit prosjekt om dramatisering av nye bibeltekstar med utgangspunkt i dei nye tekstrekkene som vart innførte 1. søndag i advent 2011. Bok nr 1 kom i haust og bok nr 2 er klar ved påsketider i 2012. Perspektivet på dette arbeidet har vore ”for alle”. Arbeidsmetoden har vore tekstverkstad i praksis, som også har involvert menneske med utviklingshemming. Vesthordland prosti og Fusa sokn har bidratt med sine erfaringar frå Bjergvin.

Elles går det mykje tid med til konfirmantarbeidet, både i form av koordinering av gruppe i Bergen og rådgjeving i forhold til individuelle tiltak, både i distriktet og i Bergen. Gruppa i Bergen har dette året seks konfirmantar, noko som er vesentleg færre enn i fjor (då var dei 18 i to grupper). Vi har likevel fleire i Bergen som ønskjer individuelt tilrettelagte opplegg i sin lokale kyrkjelyd. I alle dei andre kommunane utanom Bergen, er ulike tilpassa opplegg i lokalkyrkja det som er aktuelt å velja. Det vil likevel vera eit behov for eiga gruppe/er i Bergen i framtida også. Behovet for dette vil variera, blant anna på grunn av kullstorleik, osv. Gruppa i Bergen er lagt til dagtid, i tråd med unntaksregelen i § 36 i Kyrkjelova. Praktiseringa av denne ordninga har blitt vanskelegare enn tidlegare. Ofte er rektor si haldning avgjerande. Om ny rektor ikkje har syn for kva kyrkja driv med, og/eller meiner at skulen ikkje skal forhalda seg til konfirmantundervisninga, så har vi erfaring for at samarbeidet mellom kyrkja og skulen blir deretter. Det kan virka som

om det er for personavhengig i kva grad det blir lagt til rette for tilbud for elevane.

Forbruk og rettferd

Forbruk og rettferd

Generelt må ein kunne seie at tilstanden på dette feltet er temmeleg dårleg.

Oppslutninga om aktuelle arrangement har vore laber i lang tid. Ei viktig forklåring på dette er at det er stort press på alle nøkkelpersonar i kyrkja i høve til å sette alle kyrkja sine reformer ut i livet. Det er ingen frå leiinga i kyrkja som pålegg ressurspersonar å bruke lønna eller ulønna arbeidstid for å følgje opp kyrkja sine vedtak på dette feltet. Det må nok til om kyrkja si satsing for å redde verda skal bli meir enn flotte ord.

Frå bispedømekontoret si side har aktiviteten på dette feltet i 2011 vore mindre enn vanleg fordi rådgjevaren for miljø og forbruk har hatt permisjon frå stillinga si frå mars til desember, utan at vikar har vore sett inn i særleg grad.

Når det gjeld **grøne kyrkjelydar** har vi fått seks nye i 2011. Dette er dobla tilvekst i høve til 2010. Resultatet skuldast innsats frå ressursgruppa og eit eige brev frå biskopen til alle kyrkjelydar med oppmoding om å verte grøn kyrkjelyd. Vi hadde forventa større respons på eit slikt brev, men reknar med at dette kan betrast i 2012 då vi har ressursar til oppfølging igjen.

Bærekraftige liv

Pilotprosjektet på Landås som engasjerer heile lokalsamfunnet for å møte utfordringane frå klimaendringane har hatt eit nasjonalt gjennombrøt i 2011. Prosjektet har no også fått støtte frå Miljøverndepartementet, i tillegg til Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Modellen har vorte presentert på fleire nasjonale konferansar i regi av Framtidens byer. I 2011 har også



Frå Landåsfest, eit arrangement i regi av Bærekraftige liv. Foto: Lars Ove Kvalbein

fleire ulønna medarbeidarar vorte engasjert i prosjektet på Landås, i ulike arbeidsgrupper for td. redesign, matkurs, heimedyrking, LandåsFest bustad og energi. LandåsFest samla i 2011 ca 1300 deltakarar. Meir om prosjektet på www.barekraftigeliv.no

Kultur og pilegrimsarbeid

For dette området har kyrkerådet levert resultatmål og –indikatorar.

Resultatmål

Kunst- og kultursatsinga skal sørga for at kyrkjelyden sin kulturkompetanse og kyrkja si koordinerande rolle skal styrkast, og spisskompetansen utviklast i bispedøma.

Målet er brei og auka kulturverksemd i kyrkjelydane og at Den norske kyrkja framstår som ein attraktiv og profesjonell aktør i norsk kulturliv innan alle kunsteriske uttrykksformer.

Styringsparameter

*Auka og fremja kyrkjeleg kulturverksemd.
Byggje og utvikle kyrkjeleg kulturkompetanse.
Utvikle og vidareformidle spisskompetanse.
Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles.*

Resultatindikatorar:

- *Talet på sende søknader, søkt og løyvd sum til kyrkjelydane.*

Det var sendt sju søknader på i alt kr. 320 000. Av desse blei det løyvd tilskot på kr 208 000. (Ordet og Verksted på Vandring)

- *Talet på kompetansehevande tiltak og deltakarar.*

Tre kompetansehevande tiltak med totalt 200 deltakarar.

- *Spisskompetanse - talet på tiltak og resultat*

To tiltak (Ordet og Verksted på Vandring)

- *Talet på nye samarbeidstiltak*
- Fire tiltak (Ordet, Verksted på Vandring, Kystpilegrim og Sunnivautstillinga)

Eit førebels oversyn viser at offentlege tilskot (frå Norsk kulturråd, fylka og kommunane) til musikk-og kulturtiltak i kyrkjene i Bjørgvin bispedøme summerer seg til 3,5 mill. Av dette er omlag 0,86 mill. løyvt frå Norsk kulturråd og omlag 1,9 mill. frå Bergen kommune.

Det har vore ein jamn auke i talet på musikk-/kulturarrangement i kyrkjene i Bjørgvin, - frå 1125 (2006) til 1446 (2010) (SSB). Dette kan forklarast med betre rapporteringsrutinar, men også eit sterkare medvit kring kunst og kultur som ein del av kyrkja si kjerneverksemd.

Tal deltakarar på kyrkjelege kulturarrangement viser same auke; frå 131.895 i 2006 til 160.464 i 2010.

Kulturrådgevar gjer råd om programarbeid og søknadsskriving til kyrkjelydar og kyrkjelege miljø som utviklar kultur dagar/prosjekt, deltek i prosessar mellom kyrkje, samfunn og kultur generelt og medverkar dessutan aktivt i bispedømet sine interne samtalar om prioriteringar på felte trusopplæring, diakoni, misjon, kyrkjemusikk/liturgi og kyrkjekunst.

Konferansen «Ordet»

ORDET - ein konferanse om litterære og språklege verdiar i møte mellom samfunn, kunst og heilage tekstar, var spesialsatsinga til Bjørgvin bispedøme på kulturfeltet. I alt 125 deltakarar og bidragsytarar tok i dagane 24. og 25. oktober aktivt del i samtalan omkring den nye Bibelomsetjinga og teaterframsyninga «Ordet» av Kaj Munk. Programmet inkluderte ein spesialprodusert salmekonsert og ei ny utstilling om forfatternen Kaj Munk. Bjørgvin bispedøme var hovudarrangør, men samarbeidde tett

ORDET

- ei tidlaus og grensesprengande kraft?



Frå panelsamtale om den nye Bibelomsetjinga

med Bibelselskapet, Den Nationale Scene og Skrivekunstakademiet. Bidragsytarar var Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Norsk kulturråd og Fritt Ord. Både teater og bispedømeråd er sær positive til utfallet av samarbeidet, som medverka til ei markant tilstrøyming av kyrkjefolk til både framsyninga og publikumssamtale. Innhaldet og problematikken i framsyninga talte sterkt inn i kyrkja sitt liv og virke og understreka kunsten si evne til å tale sant.

Samarbeidspartane ønskjer derfor å halde dørene opne for vidare dialog, inkludert høvet for å vidareutvikle formidlingsseminara, - som blei opplevde som «ein oase» for travle prestar

Konferansen var aktiv på både Twitter og Facebook. Både før, under og etter konferansen blei det lagt ut intervju og artiklar på konferansen sine nettsider. Det inkluderte bl.a. YouTube-klipp med tre skodespelarar som les sine favoritt-tekstar frå Bibelen.

Hovudsamtalane og konserten blei send direkte på Bjørgvin bispedøme sine nettsider, og lydklipp og bilete ligg tilgjengeleg som dokumentasjon.

Konferansen etablerte ein møteplass for spisskompetanse frå både kyrkje, kultur og akademia. Evalueringa avdekte ønske om framtidige samtalar om religionen sin plass i samfunnet/kulturen/politikken, nye trendar innan spiritualitet og åndskraft, kyrkja som samfunnsreformator og kulturereformator, evolusjon, natur og menneskeforståing i møte med kristen skapartru, m.m.

Verkstad på Vandring, 8. - 10 november i Valestrand kulturkyrkje; ”Kulturkyrkje - rom for poesi?” hadde som tema: Korleis kan ein i kulturkyrkjene lage rom for poetisk erfaring i samarbeid med profesjonelle kunstnarar?”.

Verkstaden blei arrangert av MARG&BEIN i samarbeid med KULT og Oslo bispedøme, med Valestrand kulturkyrkje og kulturrådgjeverar i Bjørgvin som lokal arrangør. Bjørgvin bispedøme og Norsk kulturråd var hovudbidragsytarar.

Blant dei 25 deltakarane var 15 kunstnarar og 10 arrangørar, mellom desse seks av dei kyrkjelege kulturrådgvivarane i landet. Med bakgrunn i verkstaden utviklar Bjørgvin bispedøme samarbeid med performance- og scenekunstnarar i fleire bispedøme.

Pilegrim

Bjørgvin bispedøme legg aktivt til rette for kyrkjelege handlingar i ramma av ei aukande pilegrimsverksemd i bispedømet og ein er medviten om det potensialet som ligg i bruk av pilegrimsmotivet både i trus- og kyrkjelydsutvikling. Biskopen har

møte med eit nettverk av pilegrimsprestar for informasjonsutveksling og heilskapleg kunnskap om aktivitetar. Bispedømet har samarbeid med Bymuseet i Bergen/Universitetsmuseet i Bergen om utvikling av utstillinga «Sunniva og det heilage skrinet».

I bispedømet er det særleg tre prosjekt med mykje aktivitet: ei kystpilegrimslei mellom Rogaland og Nidaros, pilegrimsferder og etablering av pilegrimssenter i Røldal, og planlegging av kloster- og pilegrimssenter på Selje.

Ei arbeidsgruppe med representantar for fylkeskommunane og bispedøma langs Vestlandskysten arbeider for å «etablere Kystpilegrimsleia som ei heilskapleg reiserute langs kysten som ein St. Olavs veg og ein europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Ein vil løfte fram det eigenarta ved den kristne trua og kyrkjehistoria langs kysten og bruke desse verdiane som grunnlag for ein djupare oppleving med vekt på pilegrimstradisjonar, pilegrimsliv og kyrkjeliv. Leia skal inngå i reiselivssatsinga, samstundes som ein får dokumentert, tilrettelagt, bevart og vedlikehalde ei kulturhistorisk reiserute av nasjonal verdi. Bruk av vegen skal fremme miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse, tilrettelegging og bruk av kulturarven.»

2. Kyrkjeleg sektor – Tilstandsvurdering i lys av resultatmåla

2.1 Kyrkjeleg demokrati

Resultatmål:

Gjennomføring av demokratireforma i Den norske kyrkja, jf kyrkjevala i 2011.

Evaluering av kyrkjevalet 2011:

Kyrkjevalet er grundig evaluert på nasjonalt plan, men her kjem ein del av erfaringane i Bjørgvin. Vi vil ei hovudsak skriva om bispedømerådsvalet. Grunnlaget for vår evaluering er vår erfaring som sekretariat for valrådet i Bjørgvin. Dessutan ei spørjeundersøking (Questback) vi gjorde i november 2011 blant lokale valstyre og tilsette som var involvert i gjennomføringa av valet. Undersøkinga vart sendt til 60 fellesråd og dei 25 sokna i Bergen, 46 einingar svarte. I tillegg har alle prostane skrivne ei vurdering i sine årsmeldingar.

- *Førebuingssfasen; kva tiltak vart iverksette og mogleg effekt*

Sokneråda sin nominasjon av kandidatar til bispedømerådet gjekk greitt. På valkurset som vi arrangerte i kvart prosti, valde soknerådsleiarane utsending til nominasjonsnemnda for leke medlemer. Dette vart også ein viktig møtestad for samarbeid mellom sokneråda i nominasjonsprosessen. Vårt inntrykk er at dette var ein av årsakene til at det var litt færre forslag til kandidatar enn for to år sidan, for sokna bygde på erfaring frå det valet og tenkte at det var lurt å samla seg om færre lokale kandidatar frå deira prosti framfor å gje framlegg om mange namn. I nominasjonsprosessen er det vårt inntrykk at geografi er det viktigaste kriteriet for framlegg til kandidatar. Kyrkjepolitiske kampsaker er i liten grad i fokus.

For dei tre supplerte kandidatane, var teologisk profil meir avgjerande. Ein av dei leke medlemene i bispedømerådet vart ikkje nominert på nytt fordi han er ordinert prest. Ei lokal mobilisering fekk han inn på lista som supplert kandidat, og han vart attvald som medlem av rådet. Prestane fekk ein supplert kandidat som også representerer ein «fløy» i kyrkja. Dei lek tilsette sin supplerte kandidat vart fremja etter initiativ frå nominasjonsnemnda for lek tilsette. Dei hadde berre høve til å nominera fem kandidatar, men ønskte også å ha med ein sjette kandidat og fekk gjort dette gjennom supplerande nominasjon.

Nytt av året var at nominasjonsnemndene for bispedømerådsvalet skulle utforma spørsmål til kandidatane. Svara skulle både vera til hjelp når dei skulle setja opp ei kandidatliste og dessutan gje veljarane eit inntrykk av kandidatane dei kunne velja blant. Dette var eit krevjande arbeid ingen hadde erfaring med frå før. Verken valrådet eller valadministrasjonen blanda seg inn i nominasjonsnemndene sitt arbeid med dette.

Demokratimedarbeidaren ved bispedømekontoret var jamleg i kontakt med dei tilsette som hadde oppgåver knytt til gjennomføringa av valet i kyrkjelydane. Bl.a. var han med på ei eiga samling for menighetskonsulentene i Bergen før sommarferien.

- *Informasjon; kva tiltak vart iverksette og mogleg effekt*

Valkortet til alle veljarar var viktig. Det hadde kanskje vore lurt om ein der hadde ei tydeleg bruksanvisning på korleis ein skulle fylla ut røystesetelen. Valrådet i Bjørgvin formidla informasjon om kandidatane og «bruksanvisning» for korleis ein skulle fylla ut røystesetelen



Ein del sokn nytta kyrkjevalet til å bli meir synlege i nærmiljøet. Her er Søreide sokn på eit kjøpesenter.

gjennom eit 4-siders innstikk til kyrkjeblada. Dei fleste kyrkjeblada i bispedømet trykte denne informasjonen. Vidare vart det trykt eit hefte med kandidatpresentasjon som vart sendt alle sokn. Tilsvarande og til dels meir fyldig informasjon var tilgjengeleg på høvesvis nettsidene kyrkjevalet.no og nettsidene til bispedømet. Det vart også laga ein plakatar med presentasjon av kandidatane.

I ein del vallokale konkurrerte informasjonen om bispedømerådsvalet med plakatar for soknerådskandidatane.

Presentasjonen av dei leke kandidatane ved bispedømerådsvalet var den informasjonen som på førehand var mest etterspurt. Nominasjonsnemndene hadde som nemnt ansvar for å laga spørsmål til kandidatane. Å samla inn og tilretteleggja denne informasjonen var tidkrevjande. Sidan valrådet og bispedømekontoret ikkje skal driva valkamp for kandidatar, let det seg ikkje gjera å «spissa» kandidatpresentasjonen. Vår meining er at ein kvar presentasjon av segment av kandidatane, t.d.

ei tydeleggjering av dei unge kandidatane eller kandidatar som har erfaring frå bispedømerådet, vil vera med på å gje desse kandidatane ein fordel. Det hadde vi ikkje mandat til. Dermed blir også presentasjonen lite fengande. Media (blant anna dei som formidlar kritikk av dårleg kandidatpresentasjon) var lite til hjelp. Regionale media hadde relativt liten omtale av kandidatane, lokale aviser som presenterte kandidatar, fokuserte på sine lokale. Bergens Tidende hadde ved valet i 2009 ein presentasjon av samtlege kandidatar. Denne vart brukt av mange veljarar. I 2011 laga ikkje avisa ein slik presentasjon.

Når ein skal «selja» eit val og alle kandidatane, vil det som ved annan kommunikasjon vera nokre mottakarar som kjenner at dette vedkjem og interesserer dei. For dei fleste andre, blir ikkje informasjonen opplevd som relevant. Vår oppfatning er at hovudproblemet ved kandidatpresentasjonen for bispedømerådskandidatane, var at det ikkje var viktig nok for særleg mange veljarar å vita kven som var kandidatar og kva dei stod for. Difor oppsøkte dei heller ikkje informasjonen som var relativt lett tilgjengeleg. Dersom ein skal fenga mottakarar som ikkje kjenner at ei sak vedgår dei, må ein fokusera på «tabloide»

saker eller vinklar. Det ligg ikkje i kyrkjevalet sin karakter.

For første gong vart det arrangert kurs for kandidatane til bispedømerådet. Dei kandidatane som hadde høve til det, var med på ein kursdag i Bergen i juni. Der fekk dei informasjon om bispedømerådet, om det å vera kandidat og om korleis dei kunne profilera seg sjølve. Ein del av kandidatane laga egne profiler på facebook for å reklamera for eige kandidatur.

Ingen av dei fekk noko særleg respons som var synleg. Det same gjeld bispedømerådet sine valsider på facebook.

Valrådet i Bjørgvin hadde ute ein del annonsar for valet, utan at vi har kunna måla effekten av desse.

Ei eiga førehandsrøysting for studentar i Bergen vart arrangert i samarbeid med Bergen domkirke menighet. Denne vart kunngjort i studentavisa StudVest (papiravis og nettsider) og på plakatar. Det var få studentar som møtte opp for å røysta dei to dagane det var ope.



- *Oppteljing (registrering av røyster) av bispedømerådsvalet; gjennomføring i høve til opplæring og ressursar*

Registreringa av røyster krevde meir ressursar enn vi hadde rekna med. I 2009 kunne kvar veljar setja maksimum fem kryss på kvar røystesetel. I 2011 kunne ein skriva inn inntil 19 namn. Dette tok det tid å registrera. Vi baserte oss på innleigd arbeidskraft. Sjølv registreringa gjekk greitt.

- *Erfaringar frå kurs og opplæring; i forkant av valet overfor lokale valteam og valfunksjonærar, og i etterkant av valet for nyvalde sokneråd*

Bispedømekontoret heldt kurs for valteama i Bergen. Soknerådskursa i Bjørgvin vert haldne i 2012, i samråd med KA som har ansvar for kurs for fellestråda.

- *Vurderingar i etterkant av valet, ei samla og generell tilbakemelding.*

Gjennomføringa av valet var lettare enn for to år sidan fordi dei fleste no hadde ei fersk erfaring å byggja på når dei skulle planleggja og gjennomføra det omfattande arbeidet som eit kyrkjeval er.

Oppslutnaden om soknerådsvalet var stor, særleg på små stader. Oppslutnaden om bispedømerådsvalet er lågare, men for begge vala var det auka deltaking i høve til for to år sidan.

Direkte val

Ved kyrkjevalet i Bjørgvin var det 43704 veljarar som røysta på valet av medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd/Kyrkjerådet. Med 392929 røysteføre, gjev det ein valoppslutnad på 11,1 %. Dette er ein framgang frå valet i 2009 då 40403 veljarar røysta (valoppslutnad 10,2 %).

I Bjørgvin var det 2954 blanke røystesetlar. 932 vart forkasta på grunn av andre feil (399 hadde skrive talfeil, f.eks. mange 1-tal, 533 hadde berre skrive fleire x-ar). Til

saman var det altså 3886 forkasta røystesetlar. Det vil seia 8,9 prosent.

Indirekte val

Prosent røyster frå sokneråd, prestar og lek kyrkjeleg tilsette

	Sokneråd	Prestar	Lek kyrkjeleg tilsette
2011	87 %	78 %	N=348*
2009	88 %	55 %	N=298
2005	81 %	71 %	N=341

* Manglar tal på tilsette med røysterett, men det er ca 630 årsverk i Bjørgvin.

Tre sokneråd sende inn røystene for seint til å koma med, dersom dei hadde kome med, ville oppslutnaden ha vore kring 90 prosent. Den auka deltakinga blant prestane kan skuldast at dei denne gongen fekk eige brev i posten, i tillegg til e-post. Dessutan at prestane sin kandidat gjennom fleire valperiodar ikkje stilte til attval, noko som gjorde valet meir ope. Lek kyrkjeleg tilsette har vi ikkje noko register over, så dei fekk e-post via kyrkjevevjene.

Bjørgvin bispedømeråd ønskjer primært at alle medlemene til bispedømerådet skal veljast gjennom indirekte val. Då det ikkje var høve til dette ved vala i 2009 og 2011, har ein vedteke at fire av dei leke kandidatane skal veljast indirekte. Dersom alle sju leke hadde blitt valde direkte, ville fem av medlemene av bispedømerådet vore dei same, medan to som no er vara ville fått fast plass.

Evalueringa frå kyrkjelydane viser at mange stader fungerte samarbeidet med kommunen om vallokale godt, medan kyrkja andre stader opplevde dårlege vallokale. I små sokn med mange valkrinsar var det krevjande å bemanna vallokala, så det var bra at ein hadde midlar til å gje valfunksjonærane løn for arbeidet.

Mange sokn opplevde dei nye reglane for oppteljing av soknerådsvalet som positive. Dei gjorde oppteljinga lettare og gav meir makt til veljarane. At reglane for bispedømerådsvalet var såpass ulike soknerådsvalet (og kommune- og fylkestingsvala) skapte frustrasjon for ein del. Mange forkasta røyster skuldast manglande kunnskap, både blant veljarane, men også blant ein del av funksjonærane. Rapportar frå kyrkjevevjerene tyder også på at nokre av veljarane røysta blankt for å visa at dei ville delta, men ikkje kjende at dei kunne ta ansvar for å gje preferanse til nokon kandidatar sidan dei ikkje kjende betre til kven dei var. Som nemnd over, er det mange som ikkje kjenner at dette valet vedkjem dei i særleg grad, og då er det ikkje sikkert at endra valreglar vil føra til mange fleire veljarar eller at det ikkje blir forkasta røyster. Eit alternativ vil vera å gå tilbake til berre å ha indirekte val.

2.2 Trusopplæring

Resultatmål:

Tilrettelegge for at trusopplæringsreforma blir innarbeida i kyrkjelydane. Mål: Eit systematisk og samanhengande tilbod om trusopplæring for alle døypte fram til fylte 18 år, med eit opplæringstilbod på 315 timar som rettleiande norm for den einskilde.

Styringsparameter

Utbreiing av trusopplæringsreforma i bispedømet.

Omfanget av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane.

Oppslutnaden om trusopplæringstilbodet i kyrkjelydar som er tatt inn i gjennomføringsfasen.

Resultatindikatorar:

- *Delen kyrkjelydar i bispedømet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2011.*

Ved utgangen av 2011 hadde 101 av 189 sokn i Bjørgvin fått midlar til å

gjennomføre trusopplæringsreforma. Det vil seie at berre 6 av i alt 13 prosti er innfasa i reforma.

Kyrkjelydane i Sunnhordland prosti fekk midlar frå trusopplæringsreforma i 2011 og starta gjennomføringa på vårparten.

- ***Gjennomsnitt timetal trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen.***

Det gjennomsnittlege timetalet i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasa i Bjørgvin, er på 136 timar (i flg statistikk på storsavalt.no).

- ***Gjennomsnitt deltakarandel ved eit utval representative trusopplæringstilbod.***

På eit utval representative trusopplæringstiltak (dåpssamtale 96%,² 4-årsbok 67%, 6 årsfasen 35% , Tårnagenthelg 37%, Lys Våken 29%, konfirmasjon 94%, året etter konfirmasjon 14%) rapporterer kyrkjelydane i Bjørgvin som er i gjennomføringsfasen om eit snitt på 58% oppslutnad (jf. storstavalt.no). Det må då takast med i reknestykket at nokre kyrkjelydar som har få deltakarar, kan ha opp mot 100 % oppslutnad, medan store kyrkjelydar kan ha mange deltakarar men likevel ha ein låg prosentdel oppslutnad fordi målgruppa er så stor. Det krev meir for ein kyrkjelyd med årskull på over 150 døypte å få samla alle, enn for ein kyrkjelyd med 10 i aldersgruppa.

- ***Har desse tilboda:***
 - ✓ *Dåpssamtale/dåpskurs for foreldre*
 - ✓ *Utdeling av 4-årsbok*
 - ✓ *Tiltak for 6-åringar*
 - ✓ *Arrangerer Lys vaken i 2010/2011*
 - ✓ *Har breiddetiltak for ungdom etter konfirmasjonen*

Alle kyrkjelydar, med nokre få unntak, har dåpssamtale eller dåpskurs for foreldre.

² Prosentsatsen viser kor stor del av sokna som har dette tiltaket.

Alle kyrkjelydar i Bjørgvin deler ut 4-årsbok, men frammøtet varierer. 79 % av alle kyrkjelydane våre hadde tiltak for 6-åringar i 2011 (jf. vår eiga undersøking «Status trusopplæring 2011»). Det viser ein svak framgang frå året før (71 %) og er ein indikator på at kyrkjelydane vår set i gang med nye tiltak. 56,6 % av alle kyrkjelydane som deltok på undersøkinga hadde i 2011 tilbod om Tårnagenthelg for 8-åringar og 56 % hadde Lys Vaken for 11-åringar. Det er interessant å merke seg at dersom vi tar ut kyrkjelydar som ikkje har fått midlar frå reforma, viser tala at også desse har sett i gang meg nye tiltak, t.d. tiltak for 6-åringar 56,3 %, Tårnagenthelg 43 %, Lys Vaken 51,4 %.

Når det gjeld tiltak for ungdom etter konfirmasjonsalder har kyrkjelydane litt å strekke seg etter. Berre 44 prosent av kyrkjelydane melder at dei har tiltak for denne målgruppa (jf. eiga questback undersøking.). Det er ein liten auke frå i fjor (39 % i 2010). Bispedømerådet har ungdom som eige satsingsområde på strategiplanen og vil ha særleg fokus på denne målgruppa i åra framover. I 2013 vil Bjørgvin bispedøme ha eit eige Ungdomsår.

2.3 Lokalt FoU-arbeid

Resultatmål

Leggja til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, m.a. gjennom auka samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrensar, slik at kyrkja si organisering og forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert.

Resultatindikatorar:

- *Delen av fellesråd som deltek i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av kommunegrensene.*

Sogndal og Leikanger starta på slutten av 2010 eit samarbeid med **felles fellesråd og administrasjon.**

Trusopplæringseingane går fleire stader over kommunegrensene.

Prestetenesta – Omtale av resultatmåla

2.4 Geistleg personale

Hovudmål

Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

Resultatmål

Alle sokn skal ha fast geistleg personale

Resultatindikatorar:

- *Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling*

Gjennomsnittleg tal på kyrkjemedlemmer pr faste prestestilling er 3 128 i Bjørgvin. Dei store skilnadene mellom prestestillingar i distrikta og stillingar i område der folketalet veks, held fram. I Sogn og Fjordane er snittet ca 2 234 pr prest, i Hordaland, utan Bergen, er snittet 3 150 og i Bergen 3 893. I eit prosti som Vesthordland som har stor folkeauke er snittet 5 019. Også internt i Bergen er der stor skilnad på vekstområda i Fana og Åsane i forhold til Bergen sentrum. I prosti som misser ein prestestilling grunna omdisponering av ressursar og inndraging av stilling, vil snittet sjølvsagt auka noko. Auken i bynære strok vil likevel vera til dels mykje større grunna tilflytting, sjølv om dei får ein ny stilling i tillegg. Dette trur vi vil verta ei stor utfordring i komande år. Det har tatt tid å iverksetja vedtaket i bispedømerådet 20. april 2010 om inndraging av sju stillingar og

omfordeling av fire av desse, samt vurdering av prostigrenser. Det har vore stor motstand lokalt mot desse endringane. Alle ser at noko må gjerast, ikkje minst i lys av underskotet i rekneskapen for 2011. Når endringar kjem tett på, vert motstanden likevel sterk.

Prostane har ei kontinuerleg utfordring i organiseringa av prestetenesta både i grisgrendte og urbane strok. Geografi og demografi spelar ei til dels stor rolle, saman med medlemmer pr prest. Målet om ei desentralisert folkekyrkje som er til stades i alle lokalsamfunn, står i motsetnad til målet om ei meir effektiv presteteneste. Det er stor geografisk avstand mellom kvar prest, og det er mange sokn i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vi vert bedne om å vurdere kva som er vesentleg og kva som er kritiske risikofaktorar for målsetjingane. For at målsetjinga om nærverande prest i alle lokalsamfunn skal kunna oppfyllest, er det vesentleg at talet på prestestillingar i distrikta ikkje vert for lite. Risikoen er at dei vert reisande tenesteleverandørar, med ei forvitring av folkekyrkja som resultat. Nokre av dei nyttar allereie 1/3 av tida si i bil. Det er samstundes vesentleg at vekstområde får tilført fleire presteressursar. Risikoen er også her at dei elles berre vert tenesteleverandørar med stor fare for å slita seg ut, og ei folkekyrkje som visnar.

Om hovudmålet om ei nærverande presteteneste i alle lokalsamfunn vert oppfylt, kan diskuterast. Kva er definisjonen av «nærverande»? Ein prest som bur i bygda og som møter dei i alle samanhengar? At same presten har dei fleste gudstenestene? Presten møter menneska i glede og sorg, i samband med dei største hendingane i livet deira. Då betyr det mykje for dei fleste av oss å bli møtt av ein som kjenner oss litt. Og kva er definisjonen av «lokalsamfunn»? Kommunen? Dei einskilde bygdene? Sokna? Folkekyrkja står sterkt i Bjørgvin.

Det registrerer vi ikkje minst i prosessane med nedlegging av prosti og inndraging av prestestillingar. Ordførarar og rådmenn ber om møte med leiinga i bispedømet, det uroar dei at det vert mindre presteteneste i kommunane deira.

Endring er ikkje negativt i seg sjølv. Det gjev høve til å tenkja nytt og kreativt om prestetenesta, korleis arbeida for å møta folket på ein best mogeleg måte. Der er likevel ei grense som ikkje må overskridast mellom ei reell presteteneste og presten som tenesteleverandør i velferdsstaten. Endring krev ressursar og kompetanse, og prostane står sentralt i dette. Dei deltar no alle i eit vidareutdanningsopplegg i regi av MF.

- ***Talet på ledige stillingar i bispedømet***

Det var vakanse i tre faste prestestillingar ved årsskiftet. Vikarprest, prostiprest og seniorprest gjer teneste i sokna p.t. Søknafristene er ute; ein av stillingane har berre ein søkjar, dei to andre har sju og femten søkjarar.

- ***Talet på nyttilsette prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling***

Tretten stillingar vart lyst ledige i 2011, av desse tre kapellanstillingar. Vi fekk kvalifiserte søkjarar til alle stillingane, noko vi er godt nøgde med. Det er gjort tolv tilsetjingar i 2011, ti menn og to kvinner. Fire kom frå stillingar utanfor Dnk; ein uordinert misjonær, ein nyutdanna, ein frå privat næringsliv og ei frå Island.

Bjørgvin bispedøme fekk kr 200 000,- i ekstra midlar til rekruttering. Desse er m.a. nytta til visingsturar for prestefamiliar som er interesserte i å etablere seg i sokn der stillingen har stått ledig i lang tid, og/eller der det er få søkjarar. Dette har gitt gode resultat. Prostane er framleis aktive aktørar i rekrutteringsarbeidet, snakkar med potensielle søkjarar og gjev nyttig

informasjon til beslutningsprosessen deira. Alle nytilsette vert inviterte til ein dag på bispedømekontoret, med variert program. Dette får vi gode tilbakemeldingar på. Vi opplever totalt sett at Bjørgvin bispedøme er ein attraktiv arbeidsgjevar.

- *Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.*

Fire prestar har slutta før fylte 67 år, for å ta til i ny stilling utanfor Dnk. Ei vart sjukehusprest, ein sjømannsprest, ei prest i forsvaret og ein pastor i ei frikyrkje. Til forskjell frå 2010, greidde vi i 2011 å få vikarar i alle vakante stillingar. Fødsels- og omsorgspermisjonar vert prioriterte ved vikarbruk. Vi brukar studentar til sommarvikarar, det har vi erfaring med gjev positive utslag vedkomande rekruttering på lang sikt. Pensjonerte prestar gjer ein god jobb som vikarar til enkelttenester, og i vikariat over lengre tid. Det er eit godt samarbeid mellom prostane og bispedømekontoret. Den økonomiske situasjonen for året 2012 tilseier tilnærma stopp i bruk av vikarar.

Prestebustadar

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadane i Bjørgvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid i 2010 og 2011 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Bergen Bolig og byfornyning (BBB) eig 39 prestebustader, mange av desse med trong for vedlikehald. Det er i 2011 korkje seld eller kjøpt ny bustad i Bergen. Vi fekk i 2010 godkjenning på å bruke det øyremerkja fondet etter salet av Bjørkåsen 56 og til rehabilitering, og ikkje berre kjøp av ny bustad. Dette har vi brukt mellom anna til eit større isolerings- og oppussingsarbeid på fire av dei dårlegaste

bustadane. I tillegg har vi fått oppgradert to bustader. Dette arbeidet vil halda fram i 2012. Vi er samde med BBB om først og fremst å rehabiliterer dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye.

Etter vårt skjøn gjer prestegardskonsulent Hildur Kuld i OVF eit godt og systematisk arbeid med fondsbustadane i bispedømet. Grunnleggjande byggtekniske utbetringar vert prioritert, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mykje røyr og elektrisk skifta ut. Dette er utbetringar som kostar mykje, men ikkje viser på bustaden. Mykje står enno att, men arbeidet er godt i gang. Det vart brukt meir midlar i Bjørgvin også i 2011 enn ei pro rata fordeling skulle tilseie. Løyvingane for 2012 er dessverre reduserte samanlikna med tidlegare år, så arbeidet vil ta noko lengre tid å fullføra enn det vi vona på.

Rådgevaren på bispedømekontoret har i 2011 vore på 68 synfaringar, dei fleste saman med bustadombodet. Nokre bustadar har det vore synfaring i fleire gonger. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2012.

Ein legg no ein plan for å synfare bustadane i Bergen kvart 3. år, medan vi på dei andre vil ha synfaring kvart 5. år. Synfaringar i høve presteskifte og akutte skadar vil sjølvsagt koma i tillegg. Ein jobbar og vidare med å få til ei ordning med Bergen kommune slik at prestebustadane vert handsama som ein eigen pott. Dermed vil ein ved sal av bustadar kunne nytta midlane anten til kjøp av nye bustadar eller rehabilitering av eksisterande.

2.5 Lokale tilhøve og utfordringar

Resultatmål

Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar

Resultatindikator

Kor stor del av prestane som er gjevne eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.

Det er store avstandar og mange sokn i dei fleste av prostia i Bjørgvin. Det gjer det særleg utfordrande å ta i bruk spesialkompetanse prestane har. Det største hinderet er kanskje likevel manglande prioritering av å planleggja ei betre utnytting av denne kompetansen, noko som heng saman med manglande ressursar. Vi ønskjer å gjera eit arbeid med dette i 2013. Vonleg kan det verka motiverande for prestane, også om dei er inne i relativt tunge prosessar med omdisponering av ressursar grunna dårleg økonomi. Det er ikkje gjort ei særleg undersøking av dette i 2011, jfr årsmeldinga frå 2010.

2.6 Kompetanseutvikling

Resultatmål

Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.

Resultatindikator

Snitt studiedagar pr. prest

I Bjørgvin har kvar prest hatt 3,8 studiedagar i gjennomsnitt. Det er ein liten auke frå fjoråret. Det er framleis relativt få som søker etter- og vidareutdanning via REU. Prostivise studieturar til utlandet får gode tilbakemeldingar. Det faglege innhaldet er ikkje særleg krevande, og det sosiale aspektet gjev eit stort pluss. Dette vel vi å sjå stort på, ikkje minst i endringstidene vi no er inne i. Fleire har nytta høve til å ta PKU i Bergen, eit tilbod dei har venta på i mange år.

ABV

Vi har hatt fire ABV-grupper i gang dette året med til saman 29 prestar og ein kateket.

Fire prestar har fått individuell rettleiing. Fleire yngre prestar er med. Det er særst verdifullt at dei i denne fasen får ei evaluering av si presteteneste i eit trygt kollegafellesskap.

I tillegg til dette har vi to prostegrupper som har kollegarettleiing. Alle prostane er med.

Det vart ikkje sett i gang nye ABV-grupper dette året grunna dårleg økonomi i bispedømet.

Bjørgvin bispedøme har no 15 godkjende ABV-vegleiarar. Dei fleste av våre vegleiarar er over 50 år med utdanning frå 90-talet. Vi treng å få utdanna fleire yngre vegleiarar.

Vi har to grupper for leiarane for ABV-gruppene der dei har fått rettleiing.

Kvart år blir det skipa til fagdagar for rettleiarane og den tverrfaglege styringsgruppa.

Retreat

Bjørgvin biskop kalla alle prostane inn til firedagars retreat saman med leiargruppa ved bispedømekontoret i september. Tilbakemeldinga var god og deltakarane gav uttrykk for at det var fint å få vere med på ei annleis veke med stille, kvile, avspenning, fordjuping og påfyll.

Den årlege retreaten som bispedømet har skipa til på Holmely vart i 2011 avlyst grunna manglande oppslutnad. Berre nokre få prestar hadde meldt seg på, men dei fekk høve til å vere med på retreat andre stader i landet.

Elles merkar vi ein aukande etterspurnad etter åndeleg vegleiiing mellom kyrkjeleg tilsette i bispedømet. For å klare å imøtekome dette, tilsette Bjørgvin

bispedøme May Bente Matre i 40 prosent stilling som åndeleg vegleiar frå 1. januar 2011.

2.7 Likestilling

Resultatmål

Motivere og leggje til rette for fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja.

Resultatindikator

Kvinner i faste prestestillingar

Kvinner i stillingar som prost

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	17,1	82,9	7,7	92,3	17,9	82,1
Heiltids-tilsette	16,6	74,0	7,7	92,3	17,3	72,6
Deltids-tilsette	0,5	8,9	0	0	0,6	9,5
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	458	473	559	597	455	466

Tabell: Kjønnsfordeling presteskapat 2010

Delen kvinner i presteneste i Bjørgvin kryp sakte oppover. Bispedømerådet har eit uttalt mål om å auka talet på kvinner i presteneste i bispedømet, dette perspektivet er alltid framme i alle tilsetjingssakene. Kvinnenettverket gjev gode tilbakemeldingar, og vert også prioritert framover, trass trange økonomiske rammer. Jubileet for kvinners presteneste vart i Bjørgvin markert ved eiga festgudsteneste i Domkyrkja i oktober. Det vart lagt vekt på at alle prosti skulle vere representerte og oppslutninga var god.



Dei kvinnelege prestane i Bjørgvin (og nokre menn) samla til festgudsteneste i Bergen domkirke i samband med kvinneprestjubileet.

2.8 Arbeidsvilkår

Resultatmål

Prestane skal sikrast gode arbeidsvilkår.

Resultatindikatorar

Gjennomsnittleg tal på fridagar som ikkje er tatt ut

Tal på fridagar som ikkje er tatt ut, er 1,1 pr prest. Dette er relativt lite, og gjev kan henda ikkje det fullstendige biletet. Arbeidsmiljøundersøkinga (ca 54 % svara, ein liten auke frå førre år) stadfestar likevel at dei fleste opplever å ha ei føreseieleg fritid. Dette varierer noko mellom prostia. Også prosti med mange medlemmer pr prest og mange kyrkjelege handlingar, gjev positiv tilbakemelding her, medan prosti med relativt sett fleire ressursar melder det motsette. Dette stadfestar at det handlar om organisering og god planlegging, frå prestane si side og frå prosten si side.

Arbeidsmiljøundersøkinga vart også i 2011 gjennomført via Questback. Det vil vi halda fram med, det er eit godt verkty for å samanlikna resultatata år for år. Prostane og verneomboda vil arbeida for å auka svarprosenten. Spørjeskjemaet vart utvida med oppfølgingsspørsmål dersom svaret var 3 eller dårlegare (lite nøgd). Spørsmåla om samarbeid gav høg score, best med prosten og dårlegast med

fellesråda. Dette går att kvart år. Dei som har vore på jobb når dei var sjuke, har ikkje vore i kontakt med prosten på førehand. Vår tolking er då at dette ikkje vert opplevt som eit problem. Nokre melde om mobbing/trakassering på jobben. Prostane følgjer dette særskilt opp. Oppfølging av sjukmelde har fått eit særleg fokus siste halvdel av 2011 og no i starten av 2012, grunna strengare regelverk frå NAV. Prostane gjer jamt over ein god jobb med dette, og vi får tidvis dette stadfesta av NAV.

Handboka om helse, miljø og tryggleik for prestar tilsette av Bjørgvin bispedømeråd har vorte revidert i 2011. Det er mellom anna utarbeidd retningslinjer for unge i prestetenesta i bispedømet, noko vi vonar skal hindra at dei sluttar som prestar etter den første stillinga. Samarbeidet i RAMU er godt. Hovudverneombodet slutta etter mange år, ho stadfesta opplevinga av eit godt samarbeid. Arbeidsmiljøundersøkinga viser ingen alarmerande dårlege resultat, sjølv om vi veit at det heile tida må arbeidast vidare for ei positiv utvikling.

Fengselspresttenesta

Prestetenesta i Bergen landsfengsel (200 %), i Vik fengsel (50 %) og Bjørgvin fengsel (80 %) fungerer framleis godt. Prestane melder at samarbeidet med fengselsleiinga er godt.

2.9 Leiing og samvirke

Resultatmål

Bispedømerådet, biskopen og prostane skal sikra god leiing av prestetenesta og leggja til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valde organ og andre kyrkjeleg tilsette.

Resultatindikator

Tal på prestar som har hatt medarbeidarsamtale

Alle prestane (med få unntak) har hatt medarbeidarsamtale med prosten, og

biskopen har hatt medarbeidarsamtale med alle prostane. Prostane har også jamlege møte med kyrkjevevane, enkeltvis og samla i prostia. Prostane arrangerer konvent ca åtte gonger kvart år, alle kyrkjeleg tilsette vert inviterte til minst eitt av desse. Kursa i ny gudstenesteordning har også vore tverrfaglege, og oppfølgingskursa med gudstenesteutvala har sjølv sagt også hatt representantar frå sokneråda med. Prostane møter også jamleg styret for lokallaga for prestane.

3. Forvaltning

3.1 Tilskotsforvaltning

Tilskot til kyrkjeleg undervising, diakoni og kyrkjemusikk

Bjørgvin bispedømeråd fekk totalt tildelt kr 13 043 000 som er utbetalt til formåla diakoni, undervising og kyrkjemusikk. Vi får statleg tilskot til 17,3 kateketstillinger og 15 diakonstillinger. Det har ikkje vore endring i talet på tilskotsberettiga stillingar. Tilskotet er fordelt etter same prinsipp som tidlegare år; kateketstillinger fekk 100% lønstilskot inntil eit tak på kr 555.000, diakonstillinger fekk 50% lønstilskot inntil eit tak på kr 270.000. Tilskotet til kyrkjemusikk vart vidareført; kr 145 000 vart utbetalt til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke.

Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Hausten 2011 fekk vi tildelt kr 150.000 til fordeling til involverte fellesråd etter 22. juli. I Bjørgvin gjaldt det 5 fellesråd.

Trusopplæring

Total tildeling var på kr 21 750 000. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 205 490 som skuldast nedtrekk av ubrukte midlar i 2010. Totalt hadde vi ein pott på ca kr 600 000 til forvaltning av bispedømet. Midlane vart delt ut igjen etter

innkomne søknader. Mindreforbruket søkjer vi overført til 2012.

Tilskot frå Opplysningsvesenets fond

Totalt vart det i Bjørgvin søkt om 2.493.000 til ulike prosjekt. Det vart fordelt kr 889.400. Blant innkomne søknader vart ungdomsorganisasjonar sine prosjekt for leiarfostring prioriterte.

3.2 Økonomiforvaltning

Kyrkjeleg administrasjon

Netto tildelinga til kyrkjeleg administrasjon var kr 14 817 000. Resultatet for år 2011 vart ei netto mindretgift på kr 540 000. Mindreforbruket skuldast i stor grad vakanse i fleire stillingar, samt langtidssjukefråvær utan bruk av vikar.

Presteskapet

Presteskapet fekk ei netto tildeling på kr 105 774 000. Rekneskapen vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 2 554 000. Vi gjekk inn i 2011 med eit meirforbruk på kr 878.000 frå år 2010. Det betyr at vi i 2011 brukte kr 1 676 000 meir enn vi hadde fått tildelt. Vi arbeider kontinuerlig med å iverksetja bispedømerådet sitt vedtak frå 20.april 2010 om å redusera talet på årsverk med tre stillingar og omfordela fire stillingar. Det er gjort riktige grep for å få balanse i økonomien, men dei får ikkje umiddelbar effekt, og dermed aukar meirforbruket vårt. Vi ser også at auke i bompengar, satsane for beredskap og køyring utgjer ein del av vårt meirforbruk over tid. Dette fordi det berre er gjeve delvis kompensasjon for auke i satsane. Bjørgvin bispedøme har både mange prosti og område med store avstandar, dette gjer at auke på alle desse satsane slår tungt inn i økonomien. Det gjer det også naudsynt å begynne å sjå på nedtrekk av fleire stillingar enn skissert i vedtaket av 20.april 2010. I dette vedtaket låg og omfordeling av fire stillingar grunna svært skeiv fordeling mellom område med høge

folketal og område med låge folketal. Dette blir no utsatt grunna meirforbruket ein dreg med seg.

Som nemnd under 2.4 er målet om å vera nærverande i alle lokalsamfunn ei stor utfordring i Bjørgvin der vi har grisgrendte strøk, men også urbane område med sterk folkeauke. Denne utfordringa har vi skissert før og den byrjar no å bli kritisk. Dette er også skissert i Risiko og vesentlighetsvurderinga til Riksrevisjonen for 2011 og 2012. Med den tildelinga Bjørgvin har må vi redusera talet på prestestillingar for å få budsjettet i balanse, og vi nærmar oss ei kritisk grense både med tanke på å kunne opprettehalde naudsynt presteteneste i distrikta og i forhold til å dekkja opp i pressområda rundt byane. Vi har og behov for å få inn yngre prestar allereie no, slik at vi kan vere førebudd på avgangen av store prestekull om 3-5 år. Dette er handlar om å planlegge økonomi i eit litt lengre perspektiv. Når vi får avgang av desse kulla, vil det gje større handlingsrom i økonomien, men risikoen vil vere knytt til om ein får erstatta med kvalifiserte søkarar.

Våre interne resultatmål for økonomiforvaltninga, «rett løn til rett tid» og «rett inn-/utbetaling til rett tid» reknar vi som nådd. I den grad vi grunna sjukefråvær har måtta prioritera, er det utgåande faktura som ikkje vert prioritert. Tilskot til trusopplæring er også eit område der vi i 2011 ikkje var inne i den optimale rytmen. 2011 var blant anna første året der vi skulle avrekna einingar som ikkje hadde brukt opp tildelinga for 2010. Vi har forventning til at rutine rundt trusopplæring vil verta betre etter kvart som alle prosti vert innfasa.

Av tiltak har vi gjennomført prosjektet med *Elektronisk datafangst* (sjå omtale under IT). Prosjektet var lite ressurskrevjande, men vi ser det som eit stort skritt i forbetring av økonomiforvaltninga. Frå 1. november endra vi også flyten av elektroniske reiser

og skjema. Godkjennar 1 (attestant) er ein tilsett ved bispekontoret, godkjennar 2 er prosten. På den måten oppfyller vi Riksrevisjonen sitt krav om at den som har bestilt tenesta skal vera godkjennar 2. Det vil etter denne dato ikkje vera påkravd med stikkprøvar av reiserekningar.

3.3. Miljøarbeid

Bispedømekontoret er sertifisert som miljøfyrtårn. Vi har eit mål om å bruka tog ein veg ved reiser til Oslo. No har det også kome ei ordning frå Ovf-nett som gjer videomøte lettare å gjennomføra. Det er særers positivt.

3.4. Bispedømekontoret

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Nettsidene og meldingsbladet Stiftsnytt er saman med fellesutsendingar på e-post bispedømekontoret sine viktigaste kanalar for massekommunikasjon.

Nettsidene hadde ved årsskiftet om lag 830 faste abonnentar på nytt frå nettsidene. Dette er i hovudsak tilsette i kyrkjelydane, soknerådsmedlemer og media. Ledige stillingar og søkjarlistar er av dei mest besøkte sidene.

Stiftsnytt kom ut med ei utgåve i 2011. Evangelisering og gudsteneste var hovudtema i dette nr. som hadde tittelen «Møtestadar for tru».

Facebook

Biskopen har vore aktiv på facebook sidan jula 2010. Gjennom året har han lagt ut meldingar som flaggar synspunkt i aktuelle saker, tips om arrangement der han deltek, omtale av teaterframsyningar han tilrår, helsing til ungdom han har møtt på visitasar m.m.

I skrivande stund har han 500 som følgjer han på facebook. Han har ein blogg der han har lagt ut nokre kronikkar, føredrag, appellar, mellom anna knytt til 22. juli og til kyrkjeasyl. Twitter brukar han til egne

meldingar og til å visa til facebook, nettsidene og bloggen. I 2011 hadde han om lag 100 innlegg i denne kanalen. Biskopen har for tida 800 følgjarar på twitter.

Arbeidsmiljø

Bispedømekontoret har i 2011 ikkje hatt medarbeidarundersøking, men ein hadde i 2010 og vil ha i 2012. Det var i april skifte av stiftsdirektør. I første kvartal var seksjonsleiar for Personalavdelinga fungerande stiftsdirektør. Arbeidsmiljøet har vore prega av høgt arbeidspress, både grunna normalfunksjoner og rundt dei nye reformene. Kontoret er sårbart for vakansar og sjukemeldingar. Det ligg ein risiko i at oppgåvene er svært spesialiserte. Ein har i 2011 hatt sjukemeldingar der vikar har vore vanskeleg å ha inne, grunna opplæringskostnad. Sjukefråværet har i hovudsak ikkje vore arbeidsrelatert. Arbeidsmengda kjem òg i toppar, og det kan være vanskeleg å avlaste. Det har og vore vakanse i ei rådgjevarstilling, der tilsetting har trekt ut i tid grunna skifte av stiftsdirektør og diskusjon rundt utforming av stillinga. Stabstur i september blei satt inn som eit positivt og viktig tiltak rundt arbeidsmiljøet ut ifrå denne situasjonen. Det har vore inne noko ekstra ressursar rundt demokratireforma og gudstenestereforma.

Bjørgvin er eit stort bispedøme både med tanke på folketall og geografi. Det er difor viktig å ha ein stab på bispedømekontoret som er dimensjonert for dette.

Det er i dag 17,5 (18,5) årsverk fordelt på 21 personer som er tilsett ved kontoret. Med tanke på likestilling kan ein peike på nokre moment. I leiargruppa på fire er det berre ei kvinne. På stillingar i deltid og i forhold til gjennomsnittsløn kjem kvinner òg dårlegare ut enn menn. Dette går først og fremst på fordelinga i dei ulike stillingskategoriane. I samanliknbare stillingar er lønsnivået relativt likt sett ut frå kjønn. Vi har ingen tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Vi vil likevel

meine at vi har bevisst politikk på å ha ei god fordeling både på kjønn, alder og kulturell bakgrunn i staben når vi tilset nye medarbeidarar.

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	57,8	42,2	25	75,0	66,9	33,1
Heiltids-tilsette	56,3	43,7	25	75	66,6	33,3
Deltids-tilsette	68,0	32,0	0	0	68,0	32,0
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	424	534	518	651	414	461

Tabell: Kjønnsfordeling bispedømekontoret

IT

Elektronisk innsending av skjema

Bjergvin bispedømeråd vart valt som ei av pilotverksemdene til SSØ sitt prosjekt Elektronisk datafangst. Dette var eit prosjekt for alle statlege etatar, og gjaldt elektronisk innsending av skjema for variabel løn. Frå våren 2011 var to prosti inne som pilot, dei resterande prostia tok systemet i bruk frå november 2011. Det å ta i bruk elektroniske system har for mange prestar vore ein stor overgang. Til dels har også lokale forhold (fellesrådet sitt nettverk) skapt tekniske utfordringar. Vi vurderer det no slik at dei fleste prestar har overvunne personlege barrierar, og tekniske utfordringar har vi løyst etter kvart. Vi ser mange føremoner med elektroniske verktøy:

- Miljøgevinst – for bispeskontoret er det merkbar at papirbilag ikkje nyttast.
- Kvalitet på skjema, maskinell utfylling gjer at det ikkje er mogeleg å mistyda.

- Raskare utbetaling av tilgodehavande. Dette har blitt positivt motteke av prestane.

Ei raskare utbetaling gjer at vi til ei kvar tid er betre ajour med våre skyldnader. Det gjev oss ei betre økonomistyring. Ei anna sak vi har fokusert på er at prestane må koma inn i gode arbeidsvanar med å senda inn sine krav umiddelbart. Sjølv om vi er meir ajour enn nokon gong tidlegare, er det framleis eit stykke veg å gå før vi er der vi vil vera. Dette gjeld både reiser og variabel løn (beredskap, enkelttenester m.m.).

Prostemodulen

I 2011 har alle prosti hatt i bruk prostemodulen heile året. Dette er eit godt steg mot eit nyttig planleggingsverktøy for prostane. For bispedømekontoret har det gjort det enklare å få inn fråværsrapportering. Vi vonar også å få til integrering mot SAP, lønssystemet til bispedømekontora.

Mobiltelefoni


Frå september 2011 var prestane sine tenestetelefonar knytt opp i eit mobilt bedriftsnett. Det er no prestane sjølve som handterer ordninga med skifte av beredskapsvakt. Omlegginga har teke lengre tid, og kravd meir ressursar enn det vi hadde rekna med.

3.5. Forvaltning knytt til kyrkjer, kyrkjegardar og soknegrenser

I 2011 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer.

Ombygging av kyrkjer	14
Bygging nær kyrkja (ingen innanfor 60 m)	10
Godkjenning av orgel/flygel	6
Søknad om røysterett i anna sokn enn der ein bur	67

Kyrkjetekstil	11
Endringar i interiøret	8
Kunstnarleg utsmykking	4
Benker/stolar	10
Tekniske installasjonar	4
Branniltak	3
Søknad til dept. om nye kyrkjer	2
Andre saker	4



I 2011 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.

Løyve til sokn om å få ta opp lån	1
Omregulering/endring av kyrkjegardar	7
Bygg på kyrkjegard	7
Kyrkjegardsvedtekter	7
Fråsegn til kommunale planar	16
Godkjenning av søknad om disp. frå forskriftene § 23 om storleik på gravminne.	2
Klagesaker, to fekk medhald.	13
Andre saker	2


Hyllestad kyrkje er under ombygging frå ei «vanleg» langkyrkje med benker til ei meir fleksibel fleirbrukskyrkje.

3.6 Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd har i 2011 hatt 6 møte. Til saman handsama rådet 86 saker.

Bergen, 5. mars 2012

Inger Helene Thingvoll Nordeide (s)
leiar Bjørgvin
bispedømeråd



Halvor Nordhaug
biskop

Jan Ove Fjellveit (s)
stiftsdirektør

Vedlegg

Gjennomført program for biskopen 2011

Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for bispedømet

Etatsstatistikk

GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2011

Presteordinasjonar

Hanne Zimmermann i Strusshamn kirke 23. januar

Eystein Wiig i Solheim kirke 15. mai

Øyvind Heggland i Stord kyrkje 14. august

Torbjørn Sæle i Meland kyrkje 14. august

Petter Andreas Ekerhovd-Ottersen i Foldnes kyrkje 21. august

Kantorvigsling

Anita Haugland Berge i Bergen domkirke 2. juni

Diakonvigsling

Marit Bjørsvik i Olsvik kyrkje 29. juni

Bispedømerådsmøte

8. februar

29. mars

31. mai

29. august

4. oktober

29. november

Bispemøte

25.-28. januar

22. – 25. mars

23.-24. mai

17. – 21. oktober

Kyrkjemøte

5.-10. april

Visitas

1. Birkeland - Fana prosti: 12. -13. og 16. januar

2. Fjell - Vesthordland prosti: 15. - 17. og 20. februar

3. Lindås og Alversund i Lindås fellesrådsområde - Nordhordland prosti: 22. - 24. og 27. mars
4. Ullensvang, Eidfjord og Jondal - Hardanger og Voss prosti: 18. - 20. og 22. mai
5. Fjaler og Gaular - Sunnfjord prosti: 26. - 28. og 30. oktober
6. USA - sjømannskyrkja: 11. - 21. november
7. Sandviken – Domprostiet: 30. november - 1. des. og 4. desember

Prostemøte

17.-18. januar

8.-10. mars (med leiarkonferanse for prostar og kyrkjevevterjer)

6.-7. juni

30.-31. august

19.-22. september Prosteretreat

8.-10. november

Kyrkjevigsling

18. desember Ytrebygda kyrkje i Fana

Kyrkjejubileum

11. desember: Holsen kyrkje i Sunnfjord 150 år

Andre arrangement og hendingar:

Januar

15. Fest med prestane i Fana

21. Møte med undervisningsdirektøren i Hordaland

23. Gudsteneste i Den anglikanske kyrkjelyden i Bergen

31. Møte om religionsdialog i Islamsk kultursenter

Februar

4. Konferanse for tilsette i barnehagar, skular og organisasjonar om samarbeid med kyrkja

22. Mottaking hos fylkesordføraren i Hordaland

28. februar – 4. mars: Studiedagar

Mars

18. Styringssamtale med departementet

20. Avskilsgudsteneste for prosten i Indre Sogn

30. Møte med prestane i Midhordland

April

2. Økumenisk dagsseminar i Bergen domkirke. Føredrag: Det hellige og det vakre

13. Møte med pilegrimsprestane i Bjørgvin.

24. 1. Påskedag. Gudsteneste i Bergen domkirke

27. Seminar på MF: Trenger kirken MF?

Mai

5. Rådsmøte i Klimastiftelsen

5. Møte med Carissimi-prestar

10. Nordisk fengselsprestkonferanse

25. Opning av Festspela i Bergen

30. Representantskapsmøte i Bibelselskapet

Juni

8. Stiftsfagdag for Hordaland

9. Stiftsfagdag for Bergen

14. Møte med fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

15. Stiftsfagdag for Sogn og Fjordane

20. – 23. Veggen til presteteneste

24.-26. Sjømannskirkens generalforsamling

Juli

1.-3. Seljumannamesse

September

4. Bispevigsling Uppsala

25. – 29. Stabstur

30. Feiring av nye kontor for Domkirken menighet

Oktober

1.- 3. Presesvigsling

3. Konsultasjon om kyrkjeordning

4. Avduking monument på Nygård kirkegård for borna på Holen skule.

9. Jubileumsgudstjeneste 50 år, kvinnelige prester

13. Samlivsutval

22. Opning av Olsvik-utstillingen

24. Markering av ny bibelomsetjing
Konferansen Ordet

November

2. Møte ang. Ungdomsåret

4. Kateketane sin fagdag

29. Middag på Slottet

Desember

1. Grieghallen. Introdusere Harmonien-konsert

8.-9. Kystpilegrimsmøte

13. Gudsteneste Danielsen
Intensivgymnas
Føredrag i Bergen Senior Høyre

18. Vigsling av den nye kyrkja i Ytrebygda

Björgvin bispedøme - NØKKELTAL 2011 (tala i rad 2 viser til skjema for kyrkjeleg årsstatistikk)

	Døypete	Delt.søndagsgudst.	Delt.andre gudst.	Delt.gudst.tot	Søndagsgudst.	Andre gudst.	Nattverdsgudst.	Nattverddeltakarar	Gudst. tot.	Gj.snitt.gudst.	Gj.snitt.hovudgudst.	Gj.snitt nattverd
	3.1	4.A.1b	4.A.2b		4.A.1a	4.A.2a	4.C.1a	4.C.1b				
Bergen domprosti	301	45011	11992	57003	512	334	565	20810	846	67	88	37
Arna og Åsane prosti	463	53975	15913	69888	418	153	239	12134	571	122	129	51
Fana prosti	730	70894	27085	97979	486	264	341	20543	750	131	146	60
Laksevåg prosti	475	36313	10691	47004	334	131	258	8241	465	101	109	32
Midhordland prosti	325	34670	7233	41903	327	70	168	6730	397	106	106	40
Vesthordland prosti	637	59492	19488	78980	462	260	404	15031	722	109	129	37
Sunnhordland prosti	665	88889	22086	110975	796	256	460	19640	1052	105	112	43
Hardanger og Voss prosti	381	58197	8378	66575	652	157	341	10663	809	82	89	31
Nordhordland prosti	427	50939	13146	64085	558	228	330	12383	786	82	91	38
Ytre Sogn prosti	116	23083	2617	25700	408	47	191	3063	455	56	57	16
Indre Sogn prosti	221	33175	7062	40237	450	88	244	4201	538	75	74	17
Sunnfjord prosti	456	59542	12264	71806	580	128	299	10033	708	101	103	34
Nordfjord prosti	400	62602	12835	75437	674	135	298	8764	809	93	93	29
SUM	5597	676782	170790	847572	6657	2251	4138	152236	8908	95	102	37
2011	5597	676782	170790	847572	6657	2251	4138	152236	8908	95	102	37
2010	5766	687014	165048	852062	6815	2428	4126	144254	9243	92	101	35
2010-2011	-169	-10232	5742	-4490	-158	-177	12	7982	-335	3	1	2

	Konf.tot.	Offer tot.	Innmelde	Utmelde	Vigslar
	3.3	11.1a	2.1	2.2	3.4
Bergen domprosti	155	1255970	24	162	117
Arna og Åsane prosti	573	1450339	17	85	59
Fana prosti	920	2092842	20	110	149
Laksevåg prosti	480	884173	13	73	52
Midhordland prosti	330	1080388	6	36	62
Vesthordland prosti	697	2033158	19	60	129
Sunnhordland prosti	778	3061967	21	58	115
Hardanger og Voss prosti	483	1653075	14	34	125
Nordhordland prosti	511	1693044	11	33	86
Ytre Sogn prosti	162	677666	4	11	29
Indre Sogn prosti	301	855209	6	22	50
Sunnfjord prosti	494	1710277	15	40	59
Nordfjord prosti	430	1748136	10	23	85
SUM	6314	20196244	180	747	1117
2011	6314	20196244	180	747	1117
2010	6042	19281299	105	737	1214
2010-2011	272	914945	75	10	-97

Etatsrapportering 2011

Bispedømme:

Bjørgvin

1 TILSETTINGER OG UBESATTE STILLINGER			
a	Antall ubesatte prestestillinger		1
b	Antall utlyste prestestillinger		13
c	...herav stillinger som er lyst ut flere ganger		1
d	Antall søknader til prestestillinger	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år eller yngre	2	11
	41 -55 år	7	6
	56 år og eldre	2	12
e	Antall tilsetninger	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
		3	10
2 KOMPETANSEUTVIKLING OG LEDELSE (rapportering på faste stillinger)			
a	Studiepermisjon med lønn	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	Antall prester	11	78
	Antall virkedager	81	573
b	Etter- og videreutdanning via REU		<i>Totalt</i>
	Kompetanserådet - antall søknader	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	2	2
	41-55 år	1	3
	56 år og eldre	2	3
	Kompetanserådet - innvilgede søknader	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	1	2
	41-55 år	1	3
	56 år og eldre	1	2
	Kompetanserådet - antall deltagere	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	1	1
	41-55 år	1	3
	56 år og eldre	1	2
	Andre opplegg - antall søknader	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	0	0
	41-55 år	2	2
	56 år og eldre	0	0
	Andre opplegg - innvilgede søknader	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	0	0
	41-55 år	2	2
	56 år og eldre	0	0
	Andre opplegg - antall deltakere	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>
	40 år og yngre	0	0
	41-55 år	2	2
	56 år og eldre	0	0

c	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale			165
d	Arbeidsveiledning (ABV-kompetanse)	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>	<i>Totalt</i>
	<i>ABV-kompetanse</i>	1	12	13
	<i>Deltagere ABV-tilbud</i>	7	31	38
e	Menighetsprester med spesialisert tjeneste			7
f	Antall feriedager søkt overført til neste år			790
g	Antall fridager som ikke er tatt ut i løpet av året			190
3	PRESTEBOLIGER (rapportering på faste prestestillinger)			
a	Antall prester, fordelt etter boligordning			
	<i>OVF-bolig</i>			54
	<i>Kommunal bolig</i>			59
	<i>Fritak fra OVF-bolig</i>			4
	<i>Fritak fra kommunal bolig</i>			13
	<i>Ikke bolig-ordning</i>			35
b	Søknader om fritak fra boplikt (2010)			
	<i>Innvilgede søknader</i>			2
	<i>Avslåtte søknader</i>			1
	<i>Ubehandlede</i>			2
	<i>Sum</i>			5
4	FRATREDELSE / TILTREDELSE			
a	Antall fratredelser i prestestillinger etter årsak, dvs. overgang til:			
	<i>Annen statlig prestestilling</i>			0
	<i>Annen kirkelig stilling</i>			1
	<i>Stilling utenfor kirken</i>			3
	<i>Alderspensjon</i>			1
	<i>Avtalefestet pensjon</i>			2
	<i>Annet/ ukjent</i>			0
	<i>Sum fratredelser</i>			7
b	Antall tiltredelser i prestestillinger etter tidligere arbeidsforhold, dvs overgang fra:			
	<i>Annen statlig prestestilling</i>			3
	<i>Annen kirkelig stilling</i>			6
	<i>Stilling utenfor kirken</i>			2
	<i>Studier</i>			2
	<i>Studier/ stilling i utlandet</i>			0
	<i>Annet/ ukjent</i>			0
	<i>Sum tiltredelser</i>			13